

Økonomiplan for 2023 — 2026

Seljord

Rådmannen sin oppsummering og tilråding

Budsjett- og økonomiplanen omfattar verksemda til heile kommunen, og gir oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden. Det første året legg rammer for årsbudsjettet, dei resterande for vidare planlegging.

I vår la rådmannen for første gang fram eit budsjett-drøftingsnotat. Målet med det var å vise status og synleggjere utfordringar så tidleg som mogleg for slik å involvere breidt og få tidleg start på budsjettarbeidet hos alle partar. I budsjettnotatet foreslo rådmannen ei tydelegare prioritering av satsingsområde, mål og tiltak, aktiv bruk av FN sine berekraftsmål og meir fokus på å halde eigne mål og måltal. Verda har endra seg markant sidan notatet ble laga, og ambisjonsnivået frå da er ikkje noko mindre, men må skyvast litt fram i tid.

Nytt av året er at vi har teke i bruk eit nytt verktøy for budsjettarbeidet, Framsikt. Gjennom Framsikt publiserer vi no budsjettet digitalt, og i åra som kjem skal vi nytte Framsikt både til rapportering, årsmelding og etter kvart vil også politikarane få ein eigen modul til å jobbe med økonomi og budsjett i. Det er alltid utfordrande å ta i bruk nye verktøy, og det er heilt sikkert nokre oppstartsproblem, men alt i alt er vi godt nøgde.

Budsjettarbeid er normalt både moro og krevjande. I år har det vore langt meir krevjande enn moro. Nok ein gong er kommunen på veg inn i ein ny økonomiplanperiode prega av ekstraordinære forhold. Vi lever i ei usikker tid, meir usikker enn ho har vore på lenge. Forhold starta langt unna oss får store konsekvensar for drifta vår. Fortsatt heng pandemien over oss, samtidig som vi har fått ein krig i Europa som påverkar oss på fleire vis.

2023 blir eit ekstraordinært år på mange vis. Rådmannen har gjort alt som er mogleg for å unngå å foreslå å innføre eignedomsskatt. I tider som dette som er svært krevjande for innbyggjarar og næringsliv, sit det langt inne å skulle påføre innbyggjarane våre ytterlegare utgifter. Vi har lukkast med det, med dei konsekvensar det fører med seg. Handlingsrommet er strekt for at vi skal kome oss gjennom 2023.

Kort oppsummert går inntektene våre ned medan utgiftene aukar dramatisk. Vi får mindre i overføringar på grunn av demografien vår, straumutgiftene er skyhøge, renta er høg, prisveksten er høg og den nye grunnrenteskatten et opp mykje av det vi tener på sal av konsesjonskraft. I tillegg er det svært mykje som er uavklart. Konsekvensane av det er lite eller ingenting nytt og fleire forskyvingar i rådmannen sitt budsjettforslag. I 2023 rår rådmannen at vi tek eit «minimumsår», og at vi brukar året som kjem til å dykke langt ned i drifta, snu alle steinar for så å kome med eit meir omfattande budsjettforslag hausten 2023.

Å justere ned aktiviteten er også eit godt tiltak for organisasjonen. Rådmannen meiner at Seljord kommune har eit driftsnivå som er for høgt; både for økonomien og organisasjonen vår. Vi er ein liten kommune og må ta konsekvensane av det når det gjeld ambisjonsnivå. Vi held også på med å skifte ut to sentrale toppsjefar i inngangen til 2023, noko som påverkar organisasjonen.

Seljord kommune sin økonomi vil vere trong ikkje berre i 2023, men i heile økonomiplanperioden. Vi har som mål å sette av pengar på fond kvart år. Det blir det ikkje mykje av framover, kanskje heller å bruke pengar frå fond, noko som ikkje er berekraftig over tid. I budsjettforslaget foreslår rådmannen difor å skyve på alt av investeringar som ikkje er sett i gong. Det er ikkje lagt opp til nokon investeringar i perioden som kjem, og rådmannen meiner det ikkje er aktuelt for politikarane å vedta nye investeringar framover.

Økonomiplan for 2023-2026

Rådmannen har ved fleire høve snakka om endringar i demografien i Seljord. Den komande eldrebølga kombinert med nedgang i tal barn, gjer at ressursane må dreiest over til helse og omsorg frå oppvekst. Vi er ikkje på toppen av bølga enda, men vi veit godt kva som kjem og må gjerne grep for å vere klare når den tida kjem. Investeringar i velferdsteknologi og større investeringar på byggsida i helse og omsorg er nokre av grepa som må gjerast for at vi skal vere klare for å ta imot alle dei som vil trenge tenester i framtida.

Det har ikkje vore mogleg å prioritere tenestområdet helse og omsorg i økonomiplanen i den grad rådmannen opphavelig ønska. Rådmannen ynskjer difor å understreke at dette er det som står høgast på rådmannen sin prioriteringsliste om/når det skulle bli midlar til det.

Vidare er det det store, og aukande, behovet for spesialpedagogiske ressursar som utfordrar oss. Omfanget av spesialundervisning og spesialpedagogiske tiltak er stort, både i barnehage og skule. Dette bind opp midlar, og avgrensar moglegheita til å styrke den ordinære delen av tilbodet. Samtidig slit vi med å ta ned kostnadene i oppvekst i takt med nedgangen i barne- og elevtal og dermed nedgangen i inntekter. Det er ikkje mogleg å kompensere barnehage og skule for dette, og tenestområdet må difor sjå på heile drifta og justere ned slik at dei held ramma si.

Eit siste område rådmannen ynskjer å trekke fram er vedlikehald. Vi har eit stort etterslep når det gjeld vedlikehald, både på bygg og veg. Og det kostar.

Det er godt å bu og leve i Seljord. Vi har ei vakker bygd med flott natur, variert kulturtilbod, stor aktivitet i frivillig sektor og eit næringsliv i utvikling. Kommunen leverer gode tenester til innbygarane, og det har vi tenkt å fortsette med!

Budsjettvedtak

§ 5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Rammetilskot	-118 093	-116 248	-116 248	-116 579	-117 695	-119 115	-119 844
Inntekt- og formuesskatt	-86 887	-87 999	-87 999	-88 546	-88 448	-88 511	-88 566
Eigedomsskatt	-7 917	-7 698	-7 698	-10 166	-10 137	-10 012	-10 012
Andre generelle driftsinntekter	-16 325	-14 939	-14 939	-23 495	-18 419	-17 064	-17 345
Sum generelle driftsinntekter	-229 221	-226 883	-226 883	-238 786	-234 698	-234 702	-235 767
Korrigert sum løyvingar drift, netto	214 085	215 641	215 641	228 942	222 230	221 779	221 713
Avskrivningar	14 618	15 767	15 767	16 159	15 508	15 077	14 678
Sum netto driftsutgifter	228 703	231 408	231 408	245 101	237 738	236 856	236 391
Brutto driftsresultat	-519	4 525	4 525	6 316	3 040	2 154	624

Økonomiplan for 2023-2026

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Renteinntekter	-825	-1 138	-1 138	-1 193	-1 168	-1 098	-1 043
Utbytte	-3 325	-5 750	-5 750	-12 174	-6 270	-6 270	-6 270
Renteutgifter	2 984	5 245	5 245	11 479	11 643	10 450	9 461
Avdrag på lån	11 947	12 549	12 549	12 077	12 228	11 908	11 613
Netto finansutgifter	10 781	10 906	10 906	10 189	16 432	14 990	13 761
Motpost avskrivningar	-14 618	-15 767	-15 767	-16 159	-15 508	-15 077	-14 678
Netto driftsresultat	-4 355	-336	-336	346	3 964	2 067	-293
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering	1 089	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	8 098	2 553	2 553	2 195	2 195	2 195	2 195
Bruk av bundne driftsfond	-9 494	-2 339	-2 339	-2 632	-2 505	-2 501	-2 496
Avsetninger til disposisjonsfond	4 832	323	323	370	60	60	694
Bruk av disposisjonsfond	-169	-201	-201	-279	-3 714	-1 821	-100
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	4 355	336	336	-346	-3 964	-2 067	293
Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0	0

§ 5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Fellestenester	24 114	30 995	30 995	9 915	9 102	9 450	9 102
Oppvekst	80 953	81 316	81 316	92 832	86 825	86 177	86 177
Helse og omsorg	89 987	86 947	86 947	99 072	99 072	99 072	99 072
Samfunnsutvikling og drift	18 808	16 382	16 382	27 124	27 232	27 081	27 363
Sum løyvingar drift, netto	213 863	215 641	215 641	228 942	222 230	221 779	221 713

Økonomiplan for 2023-2026

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Av dette:							
Netto	-1	0	0	0	0	0	0
renteutgifter og - inntekter							
Overføring til investering	995	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	5 904	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-7 159	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	38	0	0	0	0	0	0
Korrigert sum løyvingar drift, netto	214 085	215 641	215 641	228 942	222 230	221 779	221 713

Forskriftskjema § 5-4 drift, del 2 Løyvingar per eining/avdeling

§ 5-4 drift Løyvingar per eining og avdeling

Beløp i 1000 kr

Org nivå 2	Org nivå 3	Rekneskap 2022	Revidert budsjett 2022	Økonomiplan 2023	Økonomiplan 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026
Fellestenester	Kyrkjær	3 940	3 943	4 152	4 152	4 152	4 152
Fellestenester	NAV kommune	6 530	6 367	7 518	7 518	7 518	7 518
Fellestenester	Premieavvik, amortisering og premiefond	-13 814	-4 568	-16 619	-16 619	-16 619	-16 619
Fellestenester	Sal av konsesjonskraft	-11 853	-9 431	-21 481	-21 446	-21 446	-21 446
Fellestenester	Sentraladministrasjon og felles	39 253	31 661	28 005	27 657	28 005	27 657
Fellestenester	Tilleggsloøyvingar	57	3 023	8 339	7 839	7 839	7 839
Sum Fellestenester		24 114	30 995	9 915	9 102	9 450	9 102
Helse og omsorg	Barnevern	6 010	6 105	7 483	7 483	7 483	7 483
Helse og omsorg	Eining: Helseavdeling	16 338	14 060	16 350	16 350	16 350	16 350
Helse og omsorg	Eining: Institusjon	31 274	28 889	32 423	32 423	32 423	32 423
Helse og omsorg	Eining: Open omsorg	24 619	25 926	28 792	28 792	28 792	28 792
Helse og omsorg	Eining: Teneste for funksjonshemma	10 173	10 555	11 790	11 790	11 790	11 790
Helse og omsorg	Fellestenester helse og omsorg	1 573	1 413	2 234	2 234	2 234	2 234
Sum Helse og omsorg		89 987	86 947	99 072	99 072	99 072	99 072
Oppvekst	Avdeling for integrering og vaksenopplæring	988	4 461	11 503	6 202	5 554	5 554

Økonomiplan for 2023-2026

Org nivå 2	Org nivå 3	Rekneskap 2022	Revidert budsjett 2022	Økonomiplan 2023	Økonomiplan 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026
Oppvekst	Eining: Flatdal oppvekstsenter	16 145	15 946	16 585	16 585	16 585	16 585
Oppvekst	Eining: Seljord barne- og ungdomsskule	37 383	35 650	37 681	37 333	37 333	37 333
Oppvekst	Eining: Seljord barnehage	16 818	16 784	18 233	18 233	18 233	18 233
Oppvekst	Fellestenester skule og oppvekst	5 703	4 708	4 715	4 357	4 357	4 357
Oppvekst	Kulturskulen	3 916	3 768	4 115	4 115	4 115	4 115
Sum Oppvekst		80 953	81 316	92 832	86 825	86 177	86 177
Samfunnsutvikling og drift	Samfunnsutvikling og drift	18 808	16 382	27 124	27 232	27 081	27 363
Sum Samfunnsutvikling og drift		18 808	16 382	27 124	27 232	27 081	27 363
Totalsum		213 863	215 641	228 942	222 230	221 779	221 713

§ 5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2A)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Investeringar i varige driftsmidler	31 615	45 601	68 328	39 863	0	0	0
Tilskot til andre sine investeringar	6 755	0	0	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	679	845	845	724	724	724	724
Utlån av egne midlar	0	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	39 048	46 446	69 173	40 587	724	724	724
Kompensasjon for meirverdiavgift	-2 606	-3 575	-5 953	-7 705	0	0	0
Tilskot frå andre	-11 536	-3 895	-5 198	-375	0	0	0
Sal av varige driftsmiddel	-655	-924	-924	-724	-724	-724	-724
Sal av finansielle anleggsmiddel	-1 200	0	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel	0	0	-28 500	0	0	0	0
Bruk av lån	-23 561	-37 617	-28 163	-31 783	0	0	0
Sum investeringsinntekter	-39 559	-46 011	-68 738	-40 587	-724	-724	-724
Vidareutlån	0	2 000	2 000	0	0	0	0
Bruk av lån til vidareutlån	0	-2 000	-2 000	0	0	0	0
Avdrag på lån til vidareutlån	684	720	720	617	617	617	617

Økonomiplan for 2023-2026

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Mottatte avdrag på vidareutlån	-305	-350	-350	-383	-416	-449	-449
Netto utgifter vidareutlån	379	370	370	234	201	168	168
Overføring frå drift	-1 089	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til bundne investeringsfond	1	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-345	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	1 200	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	-409	-805	-805	-234	-201	-168	-168
Dekning av tidlegare års udekkede beløp	775	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	133	-805	-805	-234	-201	-168	-168
Framført til inndeckning i seinare år (udekt)	0	0	0	0	0	0	0

§ 5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2B)

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan Sum 2023- 2026
Andre investeringer								
IT	26	0	394	138	0	0	0	138
Flatdal skule, ombygging/påbygging	1 086	12 500	12 500	34 085	0	0	0	34 085
Klimaaggregat symjehallen	0	0	2 400	0	0	0	0	0
Trafikktryggleikstiltak	0	1 000	1 000	0	0	0	0	0
Frå leige til eige/Kjøp av to bustader	2 410	2 500	2 500	0	0	0	0	0
Etablering av hardbruksbustader	78	1 500	1 500	1 340	0	0	0	1 340
Kjøp av Flatin deponi	0	200	200	0	0	0	0	0
Vegopprusting og trafikktryggleik	0	4 375	4 375	4 300	0	0	0	4 300
Fire bustadsosiale bu-einingar	0	11 245	11 245	0	0	0	0	0
Sum Andre investeringer	3 601	33 320	36 114	39 863	0	0	0	39 863

Selvkost

Økonomiplan for 2023-2026

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan Sum 2023- 2026
Renseanlegg Seljord	0	7 281	7 281	0	0	0	0	0
Utsifting ledningsnett	3 211	3 000	3 000	0	0	0	0	0
VA-nett til Sinnesodden	0	2 000	2 000	0	0	0	0	0
Tursti og park Lomodden	0	0	1 984	0	0	0	0	0
Tomt Nesvegen 15, gnr/bnr 46/70avn	0	0	1 672	0	0	0	0	0
Sum Selvkost	3 211	12 281	15 937	0	0	0	0	0
Programkode mangler								
Prosjekt manglar	24 803	0	16 277	0	0	0	0	0
Sum Programkode mangler	24 803	0	16 277	0	0	0	0	0
Investeringsmidler	31 615	45 601	68 328	39 863	0	0	0	39 863

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan Sum 2023- 2026
Nordbygdi næringsområde. Prosjektering, kommunal veg og bru	6 755	0	0	0	0	0	0	0
Tilskot til andre sine investeringar	6 755	0	0	0	0	0	0	0

3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan Sum 2023- 2026
Aksjar, andelar og selskapskapital	679	845	845	724	724	724	724	2 896
Investeringsmidler i aksjer og andelar i selskap	679	845	845	724	724	724	724	2 896

Økonomiplan for 2023-2026

4. Utlån av egne midler

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan Sum 2023- 2026
Investeringar i varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum del 1-4	39 048	46 446	69 173	40 587	724	724	724	42 759

§ 5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Rammetilskot	-118 093	-116 248	-116 248	-116 579	-117 695	-119 115	-119 844
Skatt på inntekt og formue	-86 887	-87 999	-87 999	-88 546	-88 448	-88 511	-88 566
Eigedomsskatt Andre	-7 917	-7 698	-7 698	-10 166	-10 137	-10 012	-10 012
Andre skatteinntekter	-6 863	-6 685	-6 685	-6 863	-6 863	-6 863	-6 863
Andre overføringer og tilskot frå staten	-9 462	-8 254	-8 254	-16 632	-11 556	-10 201	-10 482
Overføringer og tilskot frå andre	-64 038	-40 372	-40 372	-41 645	-41 452	-41 500	-41 452
Brukarbetalingar	-12 248	-13 072	-13 072	-13 240	-13 240	-13 240	-13 240
Sals- og leigeinntekter	-45 543	-46 328	-46 328	-61 332	-61 483	-61 559	-61 277
Sum driftsinntekter	-351 051	-326 656	-326 656	-355 003	-350 874	-351 001	-351 737
Utgifter til løn	181 622	181 267	181 267	196 191	190 179	189 626	189 531
Sosiale utgifter	38 853	40 595	40 595	42 116	41 743	41 766	41 743
Kjøp av varer og tenester	92 305	77 189	77 189	89 689	89 369	89 523	89 293
Overføringer og tilskot til andre	23 134	16 362	16 362	17 163	17 116	17 163	17 116
Avskrivningar	14 618	15 767	15 767	16 159	15 508	15 077	14 678
Sum driftsutgifter	350 532	331 180	331 180	361 318	353 914	353 155	352 361
Brutto driftsresultat	-519	4 525	4 525	6 316	3 040	2 154	624
Renteinntekter	-825	-1 138	-1 138	-1 193	-1 168	-1 098	-1 043
Utbytte	-3 325	-5 750	-5 750	-12 174	-6 270	-6 270	-6 270
Renteutgifter	2 984	5 245	5 245	11 479	11 643	10 450	9 461
Avdrag på lån	11 947	12 549	12 549	12 077	12 228	11 908	11 613
Netto finansutgifter	10 781	10 906	10 906	10 189	16 432	14 990	13 761
Motpost avskrivningar	-14 618	-15 767	-15 767	-16 159	-15 508	-15 077	-14 678

Økonomiplan for 2023-2026

	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026
Netto driftsresultat	-4 355	-336	-336	346	3 964	2 067	-293
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering	1 089	0	0	0	0	0	0
Avsettingar til bundne driftsfond	8 098	2 553	2 553	2 195	2 195	2 195	2 195
Bruk av bundne driftsfond	-9 494	-2 339	-2 339	-2 632	-2 505	-2 501	-2 496
Avsettingar til disposisjonsfond	4 832	323	323	370	60	60	694
Bruk av disposisjonsfond	-169	-201	-201	-279	-3 714	-1 821	-100
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	4 355	336	336	-346	-3 964	-2 067	293
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0	0

Utkast pr 25.08.22

FNs mål om berekraft

FNs mål om berekraft består av 17 mål og 169 delmål, og er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. For at måla skal nås må alle bidra, og Norge har laga ei eiga Storingmelding om korleis dette skal gjerast.



Av disse ønskjer rådmannen at Seljord kommune prioriterer fylgande 4 mål:

- 3 - god helse og livskvalitet: Seljord kommune skal sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder
- 4 - god utdanning: Seljord kommune skal sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle
- 11 - berekraftige byar og lokalsamfunn: Seljord kommune skal vere eit inkluderande, trygt, robust og berekraftig lokalsamfunn
- 17 - samarbeid å nå måla: Seljord kommune skal stimulere til og fremje velfungerande partnerskap i det offentlege, mellom det offentlege og det private og i det sivile samfunn

Kommuneplanens samfunnsdel

Seljord kommune har i kommuneplanens samfunnsdel 3 hovudtema med 12 underliggande mål, 52 strategiar og ei lang rekke tiltak. Hovudtema med mål er som fylgjer:

Seljord i vekst

- Seljord skal vere ein attraktiv kommune for næringsliv, slik at tal på arbeidsplassar får ein ekstra vekst på 20 pr. år
- Seljord skal vere ein attraktiv kommune å bu i og flytte til, slik at det blir 100 ekstra til flyttarar fram til 2030
- Seljord kommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass, ein positiv pådrivar for næringsutvikling og auka regional satsing og samarbeid

Det gode livsløp i Seljord

- Seljord skal tilby gode barnehagar og skular
- Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester
- Seljord skal leggje til rette for meningsfulle kultur- og fritidsaktivitetar for alle
- Seljord skal tilby gode bumiljø, nærmiljø og møteplassar i heile kommunen

Bærekraftige Seljord

- Seljord skal syte for ein arealbruk med høg arealeffektivitet innanfor tettstadsgrensa
- Seljord skal auke kunnskapen om klima- og miljøutfordringar og finne moglege løysingar
- Seljord skal vere ein trygg kommune å bu i. Kommunen skal førebygge kriser og uønska hendingar gjennom å ta beredskapsmessige omsyn ved kommunal planlegging, utbygging og drift. Når uønska hendingar likevel oppstår, skal kommunen vere i stand til å takle dei på ein god måte.
- Seljord skal sikre kjerneområda for landbruk, kultur- og tradisjonsarv, kulturlandskap og naturvernområder.
- Seljord skal vere kjent som ei grøn og bærekraftig arrangementsbygd
-

Ein kan ikkje jobbe med alt på ei gong, og rådmannen foreslår å prioritere blant desse i den komande perioden. Med utgangspunkt i dei utvalde bærekraftsmåla vil fylgjande mål og strategiar vere naturleg å ta med inn i økonomiplanperioden:

God helse - Det gode livsløp i Seljord

- Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester
- Seljord skal tilby gode bumiljø, nærmiljø og møteplassar i heile kommunen

God utdanning - Det gode livsløp i Seljord

- Seljord skal tilby gode barnehagar og skular

Bærekraftige byer og lokalsamfunn - Bærekraftige Seljord og Seljord i vekst

- Seljord skal sikre kjerneområda for landbruk, kultur- og tradisjonsarv, kulturlandskap og naturvernområder
- Seljord skal vere ein attraktiv kommune for næringsliv, slik at tal på arbeidsplassar får ein ekstra vekst på 20 pr. år

Måla om bærekraft vil bli konkretisert og operasjonalisert i økonomiplanen under aktuelt tenestekområde, og henges på prioriterte mål frå kommunedelplanens samfunnsdel.

Det tidlegare handlingsprogrammet vil blir erstatta av ein virksomhetsplan som speiler desse prioriteringane og som det vil blir rapportert på.

KOSTRA

Rådmannen anbefaler at Seljord vel å samanlikne seg fast med fylgjande tre samanliknbare kommunar i regionen; Vinje, Tokke og Nome. Vidare at Seljord samanliknar seg med den KOSTRA-gruppa kommunen

tilhøyrar samt landet utan Oslo. Det er allereie gjort i dette dokumentet, og er tenkt at skal gå igjen i komande budsjett og økonomiplan, anna planverk og ulike rapporteringar.

Kommunebarometeret

Seljord kommune hamna i 2022 på plass 212 i kommunebarometeret, av 356 kommunar totalt. Det er vi ikkje nøgde med, og vi har som mål å klatre oppover på barometeret i åra som kjem. På grunn av kommunesamanslåingar er det ikkje heilt enkelt å samanlikne seg med tidlegare år, men plasseringane vert likevel tekne med. I 2021 kom vi på plass 1282, i 2020 på plass 218, i 2019 plass 99 og i 2018 på plass 201.

Barometeret er laga slik at ulike område utgjer ulik del av den totale vekta, og det er fleire nykkeltal som avgjer kva for plass ein hamnar på. Grunnskule og pleie og omsorg utgjer begge 20 %. Barnevern, barnehage og økonomi utgjer 10 % kvar, medan helse- og sosialteneste utgjer 7,5 % kvar. Kultur, miljø, sakshandsaming og vatn, avløp og renovasjon utgjer 2,5 % kvar. Kostnadsnivå utgjer 5 % av den totale vekta.

Seljord kommune ligg på ein 237. plass på pleie og omsorg. På grunnskule ligg vi på plass 217. Får vi lyfta desse to store områda, vil vi raskt kunne få betre plassering. Det bør og nemnast at vi ligg på ein god 84. plass når det gjeld sakshandsaming.

Til samanlikning ligg nabokommunane våre på slike plasseringar i 2022 og 2021: Vinje på plass 246 og 234, Tokke på 238 og 95. plass, Kviteseid er på plass 170 og 215. plass, Nissedal 252 og 281, Fyresdal 256 og 222, Notodden 77 og 143, Nome 130 og 129, og Midt-Telemark 202 og 145.

Rådmannen anbefaler at Seljord kommune sett seg som mål å klatre opp 10 plassar for kvart år i løpet av økonomiplanperioden.

Folkehelseprofil

Folkehelseinstituttet lager kvart år ein såkalla folkehelseprofil for alle kommunar. Det er eit fire siders dokument som gir eit bilde av nokre sider ved folkehelsa i kommunen. Profilen skal vere ein hjelp til å skaffe seg oversikt over helsetilstanden i befolkninga og kva for faktorar som påverkar denne.

Seljord kommune sin profil for 2022 ligg som vedlegg til budsettet.

Oppvekstprofil

Folkehelseinstituttet lager også årlege oppvekstprofilar¹ for kommunane etter mal frå folkehelseprofilane. Desse er og bygd opp som ein fire siders rapport med ein temaartikkel på midten og eit såkalla oppvekstbarometer på siste side.

Seljord kommune sin profil for 2022 ligg som vedlegg til budsjettet.

Visjon

Seljord - det gode vertskap

Visjonsbeskriving

Seljordsamfunnet har lange tradisjonar innan handel, turisme og store arrangement, og ein har lukkast med å bli ein attraktiv stad for besøkande ved nettopp å fokusere på det gode vertskap. Det å møte kvarandre med openheit, med ei inkluderande grunnhaldning og vilje til å lyfte saman, viser seg gjennom dugnadsånd, pågangsmot, rike tradisjonar og stoltheit hjå innbyggjarane. Det er med på å definere kommunen sitt omdømme og folk sine positive relasjonar til kommunen.

Eit godt vertskap handlar ikkje bare om korleis vi møter besøkande. Vertskap handlar om menneskje og korleis ein møter kvarandre, respekt for ulikskap, relasjonar, tillit og individet si evne til å relatere til andre. Det gode vertskap som visjon kan gje inspirasjon og sikre ei effektiv og imøtekommande haldning i møte mellom kundar og kommune, mellom kollegaer, i møte med brukaren, mellom elev og lærar og i møte med nye innbyggjarar.

Alt startar med eiga innstilling, og difor kan visjonen vere ein ledetråd for framtida til Seljord kommune. Ei triveleg og mangfaldig bygd der unge og eldre ynskjer å busette seg, der ein møter kvarandre med respekt og skapar bu- og blilyst. Der det er mogleg å få ein spanande jobb, og fleire ynskjer å etablere næring og utvikle nye arbeidsplassar. Der grendene er levande og berekraftige, og ein møter utfordringar med pågangsmot og ei trur på framtida. Ikkje ulikt det gamle overordna målet for planen som no skal rullerast: Seljord kommune skal vere eit samfunn i vekst og utvikling, som er bevisst kvalitetane sine, og brukar dei for å styrkje lokalsamfunnet slik at kommunen blir ein endå betre stad å bu, arbeide og besøke

Seljord i vekst

Tekst i økonomiplanen

Kommuneplanens samfunnsdel har fylgande mål for arbeidet:

1. Seljord skal vere ein attraktiv kommune for næringsliv, slik at tal på arbeidsplassar får ein ekstra vekst på 20 pr. år.
2. Seljord skal vere ein attraktiv kommune å bu i og flytte til, slik at det blir 100 ekstra til flyttarar fram til 2030.
3. Seljord kommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass, ein positiv pådrivar for næringsutvikling og auka regional satsing og samarbeid.

Seljord hadde vekst i tal på arbeidsplassar fram til 2008, etterdet har det blitt færre. Næringslivet i Seljord vaks meir enn i resten av landet fram til 2006, sidan har utviklinga vore svakare. Dei bransjane som veks mest finn ein i kommunen, forretning og tenesteyting, aktivitet og handel. Innan annan industri, verkstadindustri og lokale næringar/servering ser ein nedgang. Det er såleis vekst i regionale næringar og besøksnæringar, men nedgang i basisnæringar. Det er spesielt peika på at det er innan denne næringskategorien ein må satse, då regionale næringar og besøksnæringar ofte representerer

konkurranse i ein region, og særskilt der det ikkje er vekst i befolkningsgrunnlaget. Basisnæringar skaper vekst og vil gje positive ringverknader for dei andre næringane.

Seljord har strukturelle omsyn som gjer at ein ikkje kan rekne med netto innflytting som på landsbasis. Det er eit fødselsunderskot i Seljord, og kommunen må difor ha netto innflytting for å unngå nedgang.

Nøkkelfordringa kommunen må taka innover seg er at dei aller fleste andre kommunar også ynskjer det Seljord har som mål, nettopp auka vekst. Difor er det viktig å bruke fortrinn kommunen har, forsterke desse og satse vidare på det som er unikt for oss.

Ein god tilnærming når ein skal satse er å balansere risikovilje med fornuftig bruk av kommunale midlar, gjennomføre tiltak tufta på langsiktige strategiar og stå fast ved forventna utvikling.

Mål for kommunen

Satsingsområde	Hovudmål	FN berekraftsmål
Seljord i vekst	Seljord skal vere ein attraktiv kommune for næringsliv, slik at tal på arbeidsplassar får ein ekstra vekst på 20 pr. år	11-Bærekraftige byer og lokalsamfunn 17-Samarbeid for å nå målene

Det gode livsløp i Seljord

Tekst i økonomiplanen

Kommuneplanens samfunnsdel har fylgande mål for arbeidet:

1. Seljord skal tilby gode barnehagar og skular.
2. Seljord skal leggje til rette for meningsfulle kultur- og fritidsaktivitetar for alle.
3. Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester.
4. Seljord skal tilby gode bumiljø, nærmiljø og møteplassar i heile kommunen

Seljord er eit aktivt lokalsamfunn med mange sosiale og kulturelle møtestader. Vi har kafear og restaurantar, galleri, fleire attraktive festivalar, og vi har samlingshus og kyrkjer. Fjell og vatn ligg der som ein fantastisk naturressurs i kommunen.

Seljord kommune har eit særskilt fokus på born og unge, på eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø. Det er gode barnehager og skuler, ein aktiv frivillighet og eit rikt organisasjons- og kulturliv i kommunen vår. Kultur er særleg viktig for omdøme, rekruttering og tilbakeflytting, og også viktig i eit folkehelseperspektiv, då deltaking i kulturaktivitetar er ei god kjelde til meistring og sosial tilknytning.

Tverrfagleg samarbeid, god førebygging og tidleg innsats er i fokus, både når det gjeld innbyggjarane våre generelt og born og unge spesielt.

Helse- og omsorgstenestene yter tenester til alle aldersgrupper gjennom fastlegar, legevakt, fysioterapeutar, helsestasjon, skulehelseteneste, tenesta for psykisk helse og rus, heimebasert omsorg og sjukeheim. Samhandlingsreforma utfordrar kommunane til å ha meir fokus på førebygging og rehabilitering. I tillegg har kommunen teke over fleire oppgåver som tidlegare var i spesialisthelsetenesta.

Eit viktig særtrekk for Seljord kommune, er den store auken i kor mange prosent av innbyggjarane som er rekna som innvandrarar (Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre). Dette har bidrege sterkt til at folketalet har vore stabilt og ikkje gått drastisk ned i perioden. Innvandrarar utgjer no omlag 13% av befolkninga i kommunen. Dette gir utfordringar knytt til sosial integrering, barnehagar, grunnskuleutdanning, økonomi og deltaking i arbeidslivet.

Mål for kommunen

Satsingsområde	Hovudmål	FN berekraftsmål
Det gode livsløp i Seljord	Seljord skal tilby gode barnehagar og skular	4-God utdanning
Det gode livsløp i Seljord	Seljord skal tilby gode bumiljø, nærmiljø og møteplassar i heile kommunen	3-God helse og livskvalitet 17-Samarbeid for å nå målene
Det gode livsløp i Seljord	Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	3-God helse og livskvalitet 4-God utdanning 11-Bærekraftige byer og lokalsamfunn 17-Samarbeid for å nå målene

Bærekraftige Seljord

Tekst i økonomiplanen

Kommuneplanens samfunnsdel har fylgande mål for arbeidet:

1. Seljord skal syte for ein arealbruk med høg arealeffektivitet innafor tettstadsgrensa.
2. Seljord skal auke kunnskapen om klima- og miljøutfordringar, og finne moglege løysningar.

3. Seljord skal vere ein trygg kommune å bu i. Kommunen skal førebygge kriser og uønska hendingar gjennom å ta beredskapsmessige omsyn ved kommunal planlegging, utbygging og drift. Når uønska hendingar likevel oppstår, skal kommunen vere i stand til å takle dei på ein god måte.
4. Seljord skal sikre kjerneområda for landbruk, kultur- og tradisjonsarv, kulturlandskap og naturvernområde.
5. Seljord skal vere kjent som ei grøn og berekraftig arrangementsbygd.

Klimaendringane vil påverke Seljordsamfunnet sterkt i dei neste 100 åra. Allereie no ser ein utfordringar knytt til ekstremnedbør, flaumar og øydeleggingar. Det skal i kommunen sikrast ein berekraftig bruk av areal og naturressursar, og Seljord kommune skal gjennomføre tiltak for å vere med å nå internasjonale forplikta klimamål innan eiga verksemd.

Detaljhandel er viktig for eit levande by- og tettstadssenter, og i Seljord arbeidast det for å oppretthalde status som ein av dei beste på dette. Gode kommunikasjonar er ein føresetnad for framtidig utvikling av lokalsamfunnet og regionen.

Kulturhistoria er kommunens røter, og gir forankring og identitet. Alle spora i landskapet fortel korleis vi har nytta ressursane lokalt, og korleis vi har levd og forma oss som menneske. Kulturarven frå fjern og nær fortid skal takast i vare på og gjerast tilgjengeleg slik at den skaper identitet og opplevingar for eigne innbyggjarar og for tilreisande

Mål for kommunen

Satsingsområde	Hovudmål	FN berekraftsmål
Bærekraftige Seljord	Seljord skal sikre kjerneområda for landbruk, kultur- og tradisjonsarv, kulturlandskap og naturvernområder	11-Bærekraftige byer og lokalsamfunn 17-Samarbeid for å nå målene

Økonomiske rammevilkår i økonomiplanen

Lønsvekst

Lønspostane er høgda med 3,25 % lønsvekst frå 2021 til 2022. Lønsposten for godtgjering til ordførar og varaordførar er oppjustert med 7,73 % i samsvar med endringa per 01.05.2022 i godtgjeringa til stortingsrepresentantane. Sist denne godtgjeringa vart endra var for tre år sidan.

2023 er det venta ein årslønsvekst på 4,2 %, og med fråtrekk av overheng frå 2022 på 1,0 % vert den felles lønsreserveposten slik: Lønsgrunnlag (inkl. Seljord sokn): kr 187 343 000 x 3,2 % = kr 5 995 000. I

tillegg kjem pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift på til saman kr 1 950 000. Samla avsetjing til lønsvekst i 2023 er då kr 7 950 000.

Prisvekst

Det har vore ein stor prisvekst frå 2021 til 2022, og denne må ein rekne med vert vidareført inn i økonomiplanperioden. I deflatoren for 2022 på 2,5 % (for løns- prisvekst frå 2021 til 2022) var prisvekstdelen 1,6 %. I samband med statsbudsjettet for 2023 har staten vurdert prisveksten i 2022 til 7,4 %. Konsumprisindeksen frå september 2021 til september 2022 er på 6,9 %. For *matvarer og alkoholfrie drikkevarer* er veksten 12,1 % og for *transport* 11,3 % (for *klær og skotøy* er han berre 0,6 %). Den statlege deflatoren for 2023 (løns- og prisvekst frå 2022 til 2023) er på 3,7 %, derav løn 4,2 % og pris 3,0 %.

Rammene i økonomiplanen er oppjustert med 5,3 % prisvekst, som er *konsumprisindeksen justert for avgiftsendingar og utan energivarer* frå september 2021 til september 2022. Einskilde postar er justert serskilt, til dømes forsikringspremie som er justert med 13,1 % i samsvar med premieprognosen frå pensjonsmeklaren. Oppjustering av rammene med prisvekst skal kompensere både for meirprisveksten i 2022 og prisveksten i 2023. Inntekstpostane er òg oppjustert med prisvekst, men det er veldig ulikt kor mykje vi kan høgde inntektene då mange betalingsordningar vert tilpassa ulike regelverk, til dømes maksimalpris i barnehagar og gebyr i sjølvkostområda.

Straum

Straum er behandla serskilt. Straumpostane er budsjettert etter ein kraftpris på 193,92 øre (ekskl. mva) per kWh og med tillegg av fast og variabel nettleige, effekttrinn, forbruksavgift og enovaavgift, er straumkostnaden budsjettert etter 242,40 øre (ekskl. mva.) per kWh. At ein har brukt 193,92 øre i kraftpris er fordi det er denne marknadsprisen for 2023 regjeringa har brukt i framlegg til statsbudsjett når dei har berekna trekket for ekstraordinære konsesjonskraftinntekter. Det er berekna at vi kjøper 4 750 000 kWh og med kr 2,424 per kWh blir samla budsjett for kjøp av straum kr 11 514 000. Ramma for 2023 var kr 4 455 000, og er då oppjustert med kr 7 059 000 (158,5 %). I førre økonomiplan var straumutgiftene nedbudsjettert med 15,3 % frå 2022 til 2023!

Sal av konsesjonskraft

Inntekter frå sal av konsesjonskraft er budsjettert med kr 21 481 000 i samsvar med prognose/estimat per 18.10.2022 frå dagleg leiar i konsesjonskraftstyret. Med ei konsesjonskraftmengde på 31 836 000 kWh betyr det kr 0,67 i fortjeneste per kWh, etter at innkjøpspris på 12 øre og administrasjon og andre omkostningar på 2 øre er trekt frå. Per 18.10.2022 var 77,5 % av konsesjonskrafta for 2023 sikra, dvs. selt til fast pris.

Tilhøvet mellom kjøp og sal av kraft

Sal/Kjøp	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Sal av konsesjonskraft	7 221 000	7 017 000	5 490 000	3 910 000	3 760 000	6 310 000
Kjøp av straum frå VTK	3 460 000	4 070 000	3 588 000	4 178 000	4 393 000	5 297 000

Økonomiplan for 2023-2026

Netto overskot	3 761 000	2 947 000	1 902 000	-268 000	-633 000	1 013 000
Sal/Kjøp	2019	2020	2021	2022 1)	2022 2)	2022 3)
Sal av konsesjonskraft	8 074 000	3 903 000	11 853 000	9 431 000	20 834 000	23 547 000
Kjøp av straum frå VTK	4 863 000	3 344 000	6 017 000	5 259 000	15 100 000	15 100 000
Netto overskot	3 211 000	559 000	5 836 000	4 172 000	5 734 000	8 447 000
Sal/Kjøp	Snitt 2013-2020	Snitt 2021-2022 3)	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Sal av konsesjonskraft	5 711 000	17 700 000	21 481 000	21 481 000	21 481 000	21 481 000
Kjøp av straum frå VTK	4 149 000	10 559 000	11 514 000	11 514 000	11 514 000	11 514 000
Trekk i rammetilskotet 4)	0	0	7 766 000	7 766 000	7 766 000	7 766 000
Netto overskot	1 562 000	7 141 000	2 201 000	2 201 000	2 201 000	2 201 000

1. Opphavleg budsjett 2022, kommunestyresak 110/21, 16.12.2021.
2. Økonomirapportering haust 2022, kommunestyresak 73/22, 06.10.2022.
3. Økonomirapportering haust 2022, kommunestyresak 73/22, 06.10.2022, oppdatert orientering i møtet.
4. Nærare informasjon om *Trekk i rammetilskotet* (for ekstraordinære konsesjonskraftinntekter) står under punktet *Rammetilskot og skatt - Dei såkalla "frie inntekter"*.

I *Gj.snitt 2021-2022* er det den oppdaterte orienteringa som er lagt inn (nr. 3).

Det er sær sarskeleg å spå om kraftprisen utover i økonomiplanperioden (det er vanskeleg nok for 2023). Trekk i rammetilskotet er, i utgangspunktet, berre for 2023 (staten budsjetterer berre for eitt år om gongen). For åra 2024 - 2026 er budsjettet for 2023 vidareført, akkurat slik som 2023, inkludert trekk i rammetilskotet, med eit netto overskot på kr 2 201 000, eit overskot som er høveleg godt samanlikna med åra 2013 - 2020, altså nokolunde normale straumår. Det som er poenget her, er å finne rett *nettonivå*, og så får bruttotala svinge sånn høveleg i "takt", både opp og ned, helst ned for vi tru (og håpe).

Kanskje er det realistisk å håpe at ein netto mellom sal og kjøp av straum kan bli slik (men denne er altså *ikkje* lagt inn i rådmannens framlegg til økonomiplan):

Sal/Kjøp	2024 - 2026
Sal av konsesjonskraft	12 406 000
Kjøp av straum frå VTK	8 906 000
Trekk i rammetilskotet	0
Netto overskot	3 500 000

I denne skissa er kjøp av straum basert på ein straumpris på kr 1,50 (ekskl. mva.) per kWh + påslag for nettleige og avgifter = kr 1,875 x 4 750 000 kWh = kr 8 906 000. Inntekter frå sal av konsesjonskraft er då tilpassa for å få eit netto overskot på kr 3,5 mill. Netto fortjeneste for sal av 31 836 000 kWh må då vere kr 0,39 per kWh, eller ein brutto salspris på kr 0,53 per kWh. Sidan kostnaden med konsesjonskrafta er om lag kr 0,14 per kWh, må altså salsprisen vere over kr 0,14 øre for at vi ikkje skal tape pengar, og historisk sett er det ikkje heilt uvanleg at spotprisen til tider er under denne prisen. Frå 1. juli 2020 til 1. oktober 2020, i tre månader på rad, hadde VTK ein variabel kraftpris på 4 øre per kWh (ekskl. mva.).

Utbyte frå Vest-Telemark kraftlag

2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026
1 900 000	2 850 000	4 180 000	5 130 000	3 325 000	3 325 000	6 270 000	12 174 000	6 270 000	6 270 000	6 270 000

Seljord kommune eig 19 % av Vest-Telemark kraftlag, til liks med dei andre kommunane i Vest-Telemark, med unntak av Nissedal som eig 5 %. I 2021 hadde VTK eit overskot etter skatt på kr 71 475 000 mill. og Seljord kommune fekk kr 6 270 000 i utbyte. Samla utbyte til eigarkommunane var kr 33 mill, eller 46,2 % av overskotet etter skatt.

I *Info til eigarmøte* 01.11.2022 vart det lagt fram ei *prognose etter beste estimat* for rekneskap 2022 med eit årsresultat etter skatt på kr 128 150 000, som er kr 56 675 000 (79,3 %) betre enn for 2021. Konsernsjefen skriv at *det er mange lauser trådar i estimata og skatteberekninga er p.t. eit overslag*. I skatteberekninga er både auka grunnrenteskatt og det nye høgprisbidraget, i tillegg til høgda ordinær skatt, trekt frå.

Grunnrenteskatten aukar frå 37 % til 45 %. *Høgprisbidraget* på vind- og vasskraft er på 23 % av kraftpris over 70 øre per kWh. Begge desse to skatteskjerpningane går i sin heilskap til statskassa.

Økonomiplan for 2023-2026

For 2023 har rådmannen budsjettert med slikt utbyte: VTK sitt årsresultat etter skatt på kr 128 150 000 x 50 % utbyte x 19 % eigardel = kr 12 174 000. For 2024 - 2026 er det budsjettert med eit utbyte på kr 6 270 000, slik utbytet var i 2022. Med ein utbytedel på 50 % betyr det eit årsresultat etter skatt for VTK på kr 66 mill.

Lånegjeld i økonomiplanperioden

Brutto lånegjeld	Ordinære lån	Startlån	Sum
Lånegjeld 31.12.2019	263 233 000	11 412 000	274 646 000
Lånegjeld 31.12.2020	256 199 000	10 728 000	266 928 000
Lånegjeld 31.12.2021	278 996 000	11 044 000	290 040 000
Lånegjeld 31.12.2022	265 944 000	12 427 000	278 371 000
Nytt lån 2023	26 931 000	0	26 931 000
Avdrag (lån pr. 31.12.2022)	-12 077 000	-617 000	-12 695 000
Avdrag nytt lån 2023	0	0	0
Lånegjeld 31.12.2023	280 798 000	11 810 000	292 607 000
Nytt lån 2024	0	0	0
Avdrag (lån pr. 31.12.2022)	-11 590 000	-617 000	-12 207 000
Avdrag nytt lån 2023	-639 000	0	-639 000
Lånegjeld 31.12.2024	268 569 000	11 192 000	279 762 000
Nytt lån 2025	0	0	0

Økonomiplan for 2023-2026

Avdrag (lån pr. 31.12.2022)	-11 267 000	-617 000	-11 884 000
Avdrag nytt lån 2023	-642 000	0	-642 000
Lånegjeld 31.12.2025	256 660 000	10 575 000	267 235 000
Nytt lån 2026	0	0	0
Avdrag (lån pr. 31.12.2022)	-10 968 000	-617 000	-11 586 000
Avdrag nytt lån 2023	-645 000	0	-645 000
Lånegjeld 31.12.2026	245 047 000	9 958 000	255 005 000

Lånebehov i 2023

Tiltak	Investering	Momskomp.	Tilskot	Lån
Flatdal skule	34 085 000	6 817 000	0	27 268 000
Hardbruksbustader	1 340 000	0	375 000	965 000
Vegopprusting (Heivegen)	4 300 000	860 000	0	3 440 000
Framsikt, nye modular	138 000	28 000	0	110 000
Sum investeringar	39 863 000	7 705 000	375 000	31 783 000
Unyttå lånemidlar pr. 31.12.2022				-4 852 000
Nytt lån 2023				26 931 000

Avdrag

Avdrag er rekna ut etter kommunelova sine reglar om minste tillatne avdrag (såkalla *minsteavdrag*).

Rentesats i økonomiplanperioden

År	NB-overslag 1) 3)	Marknadsrenter 2)
2023	4,15 %	4,55 %
2024	4,05 %	4,50 %
2025	3,80 %	4,35 %
2026	3,60 %	4,25 %

Rentene er henta frå *Rentekommentar og oppdaterte budsjettrenter* per 13.10.2022 frå Kommunalbanken.

1. NB-overslag er *Budsjettert lånerente med bruk av Norges Bank (NB)-overslag* (Norges bank si styringsrente + påslag i pengemarknaden + bankmarginpåslag).
2. Marknadsrenter er *Budsjettert lånerente ved bruk av marknadsrenter* (FRA-marknaden (NIBOR 3 MND) + bankmarginpåslag).
3. I økonomiplanperioden har rådmannen brukt renta i *NB-overslag*.

Historiske renter siste fire år. Kommunalbankens flytande rente (p.t. renta).

Frå dato	Til dato	Rentesats
01.01.2019	19.02.2019	1,85 %
20.02.2019	22.04.2019	1,95 %
23.04.2019	08.10.2019	2,15 %
09.10.2019	31.12.2019	2,40 %
Gjennomsnitt 2019		2,13 %
01.01.2020	19.03.2020	2,40 %
20.03.2020	13.04.2020	1,90 %
14.04.2020	26.05.2020	1,40 %
27.05.2020	29.10.2020	1,00 %

Økonomiplan for 2023-2026

30.10.2020	31.12.2020	0,90 %
Gjennomsnitt 2020		1,39 %
01.01.2021	08.02.2021	0,90 %
09.02.2021	01.06.2021	1,05 %
02.06.2021	11.10.2021	0,90 %
12.10.2021	31.12.2021	1,30 %
Gjennomsnitt 2021		1,04 %
01.01.2022	04.01.2022	1,30 %
05.01.2022	11.04.2022	1,55 %
12.04.2022	13.07.2022	2,05 %
14.07.2022	04.09.2022	2,50 %
05.09.2022	10.10.2022	3,10 %
11.10.2022	31.12.2022	3,70 %
Gjennomsnitt 2022		2,45 % 1)

1. Under føresetnad om at renta per 11.10.2022 på 3,70 % held seg ut året.

Pensjonspremie og pensjonskostnad

Pensjonspremie og pensjonskostnad	KLP		Statens pensjonskasse		Sum	
Pensjonspremie	35 001 000	25,19 %	3 709 000	10,31 %	38 710 000	22,13 %
Arbeidstakers del	-2 778 000	-2,00 %	-720 000	-2,00 %	-3 498 000	-2,00 %
Arbeidsgjevars del	32 223 000	23,19 %	2 989 000	8,31 %	35 212 000	20,13 %
Betalt med bruk av premiefond i KLP	-1 125 000	-0,81 %	0	0,00 %	-1 125 000	-0,64 %

Økonomiplan for 2023-2026

Betalt med likviditet frå bankkonto	31 098 000	22,38 %	2 989 000	8,31 %	34 087 000	19,49 %
Årets premieavvik	-19 443 000	- 14,00 %	-251 000	-0,70 %	-19 694 000	- 11,26 %
Amortisering av tidl. års premieavvik	5 780 000	4,16 %	16 000	0,04 %	5 796 000	3,31 %
Utgiftsført pensjonskostnad	17 435 000	12,55 %	2 754 000	7,66 %	20 189 000	11,54 %

Av den sær s høge pensjonspremien i 2023 utgjer reguleringspremien, med forfall i byrjinga av august, kr 16 974 000. Dette er ei stor *likviditetsmessig* utfordring, spesielt i august, som er ein av to månader vi ikkje får utbetalt rammetilskot frå staten (desember er den andre), i tillegg til at det kjem ei lønsutbetaling på om lag kr 15-16 mill. den 12. i månaden.

Når premien er sær s høg eit år, vert premieavviket òg høgt, i 2023 vert det heile kr 19 694 000. Dette premieavviket vert inntektsført, til reduksjon av pensjonskostnaden, i 2023 og må då amortiserast (fordelt utgiftsføring) dei komande sju åra (2024 - 2030) med ein sjudel; kr 2 813 000 kvart år. Dette vil, i alle fall isolert sett, høgde pensjonskostnaden med denne summen kvart år i økonomiplanperioden frå 2024. Uansett må ein rekne med at pensjonskostnaden vil auke utover i økonomiplanperioden, ikkje minst på grunn av høgt akkumulert premieavvik. Ved utgangen av 2021 var akkumulert premieavvik kr 24,8 mill., ved utgangen av 2022 vil det bli kr 27,6 mill. og ved utgangen av 2023 ligg det an til å bli kr 41,4 mill. I tillegg kjem 10,6 % arbeidsgjevaravgift. *Premieavvik* er betalt, men ikkje utgiftsført pensjonspremie.

Likviditetsutfordringa hausten 2023 kan vi, truleg *må* vi, løyse med å bruke av det opparbeidde premiefondet i KLP, eit fond som berre kan nyttast til å betale pensjonspremie. Brukar vi kr 19 443 000 av premiefondet, vil det òg føre til at det ikkje vert noko premieavvik i 2023, og ekstra amortisering på kr 2 778 00 (av kr 19 443 000) fell vekk i perioden 2024 - 2030.

Premiefond i KLP

Premiefond i KLP (Kommunal Landspensjonskasse)	
Per 31.12.2020	21 419 000
Innbetalningar og overføringar til premiefond	0

Økonomiplan for 2023-2026

Garantert rente på premiefond	395 000
Overskot på premiefond	603 000
Uttak frå premiefond	-2 972 000
Risikooverskot tilført premiefond	224 000
Renteoverskot tilført premiefond	4 714 000
Avrekning bruttogaranti	1 884 000
Saldo premiefond per 31.12.2021	26 267 000

Ein stor del av premiefondet kjem frå 2020 då kr 18 397 000 vart tilbakeført frå premiereserven og inn på premiefondet. Dette fordi at endra pensjonsordning for medlemmer født i 1963 og seinare, samt endring i samordning med folketrygda for medlemmer fødd i 1954 og seinare, førte til eit samla lågare krav til premiereserve per 01.01.2020. Til saman fekk kundane i KLP tilbakeført kr 23,2 mrd.

I 2022 er det brukt kr 7 900 000 av premiefondet, men med avkasting om lag som i 2021, vil premiefondet ved utgangen av 2022 framleis vere om lag kr 26 mill. Brukar vi av premiefondet går sjølvstøtt grunnlaget for å få avkasting ned.

Rammetilskot og skatt - Dei såkalla "frie inntekter"

I 2023-prisnivå	2023	2024	2025	2026
Innbyggjartilskot	81 563 000	82 773 000	83 337 000	83 509 000
Utgiftsutjamning	24 518 000	24 778 000	25 905 000	26 460 000
Overgangsordning - INGAR	659 000	-103 000	-88 000	-88 000

Økonomiplan for 2023-2026

Saker med serskild fordeling	1 837 000	1 837 000	1 547 000	1 547 000
Småkommunetillegg	6 257 000	6 257 000	6 257 000	6 257 000
Ordinært skjønn	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Rammetilskot - Fast del	115 834 000	116 542 000	117 958 000	118 685 000
Inntektsutjamning	8 511 000	8 919 000	8 923 000	8 925 000
Sum rammetilskot	124 345 000	125 461 000	126 881 000	127 610 000
Skatteinntekter	93 215 000	93 117 000	93 180 000	93 235 000
Sum frie inntekter	217 560 000	218 578 000	220 061 000	220 845 000

I statsbudsjett for 2023 er overslaget for frie inntekter for Seljord kommune kr 217 047 000. Rådmannen har budsjettet med kr 513 000 meir, noko som skuldast at det er lagt inn eit høgare venta folketal per 1. januar 2023 enn kva staten har gjort, noko som gir høgare inntekter frå skatt og inntektsutjamning. *Ordinært skjønn* er skjønsmidlar som vert tildelt av Statsforvaltaren, og dei vert fordelt år for år. Rådmannen har lagt til grunn at dei vert på kr 1 mill. kvart år i heile økonomiplanperioden, slik dei er for 2023.

Frå og med 2024 vert alle kommunane tilført meir pengar frå *naturressursskatt på havbruk og vindkraft* som går inn i "pakka" med skatt og inntektsutjamning (overslag kr 840,9 mill.) og auka rammetilskot (overslag 1 017,2 mill.) grunna auka *grunnrenteskatt*. Seljord kommune sin del er berekna å vere kr 1 029 000, derav skatt (via inntektsutjamninga) kr 420 000 og rammetilskot kr 609 000. For 2024 - 2026 er det i tillegg lagt inn ei forventning om realhøgding på 0,5 % kvart år, slik det historisk sett gjerne har vore.

Frå 2022 til 2023 har Seljord kommune ein vekst i dei frie inntektene på 2,6 %. Dette er nest dårlegast av kommunane i Vestfold og Telemark. Med ein deflator (løns- og prisvekst) på 3,7 % er dette ein realnedgang. I den statlege deflatoren på 3,7 % utgjer lønsvekst 4,2 % (vekt 0,58), prisvekst 3,0 % (vekt 0,27) og prisvekst på investeringar 3,2 % (vekt 0,15). Truleg vert prisveksten frå 2022 til 2023 større enn 3,0 %, og realnedgangen tilsvarande større. I tillegg er det ein stor prisvekst frå 2021 til 2022, mykje større enn den som var lagt inn i rammetilskotet for 2022.

Utgiftsutjamninga er eit godt døme på realnedgangen. For 2022 er utgiftsutjamninga kr 25 666 000. Korrigert for ein deflator på 3,7 % skulle utgiftsutjamninga for 2023 bli kr 26 616 000. Ho vart kr 24 518 000, ein realnedgang på kr 2 098 000. Dette skuldast at vi i inntektssystemet er berekna å vere ein billigare kommune å drive i 2023 enn i 2022. I 2023 er Seljord berekna å vere 12,45 % dyrare å drive enn gjennomsnittskommunen, i 2022 er vi 14,01 % dyrare. Den største nedgangen er på delkostnadsnykjel *barnehage* og delkostnadsnykjel *grunnskule* med om lag kr 1 mill. kvar seg. På dei andre delkostnadsnyklane er det ein liten nedgang på *sosialteneste*, medan det er litt auke på *administrasjon*, *landbruk*, *pleie og omsorg*, *kommunehelse* og *barnevern*.

Kulturskulen har medio oktober 152 plassar inkludert dei som får opplæring enkeltvis gjennom korps. 91 elevar er fordelt på tilboda: enkelttimar, gruppeundervisning og vaksne. 4 elevar står på venteliste til tilbod i kulturskulen. Skulen leverar også timar til barneskulen si musikkundervisning både i 4. klasse i Seljord, 3. klasse i Flatdal og i 8. klasse. I tillegg sel skulen timar/lærarressursar til andre kommunar og lag og organisasjonar. Kviteseid kulturskule kjøper øvingstimar for 4 elevar dette skuleåret.

Det er 12 lærarar i forskjellige stillingsprosentar kulturskulen i tillegg til rektor. Dette utgjer til saman 454, 39 % i stillingsprosent.

Ein reknar med at aktiviteten i kulturskulen også vil avspegle ein nedgang i elevtalet over tid. Kulturskulen har svært stabile lærarkrefter, og har ei grei avtale med Granvin om leige og bruk av lokale. Lokala er diverre ikkje tilstrekkeleg lydisolerte til musikkaktivitetar. Lærarane har ikkje eigne kontor plassar utanom undervisningsromma, så førebuing skjer på heimekontor.

Det har aldri vore særleg rom på budsjettet for investeringar og større vedlikehald av utstyr. Dette må difor takast stilling til når behov oppstår.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Opprinnelig budsjett	3 768	3 768	3 768	3 768
Sum Tekniske justeringar	238	238	238	238
Sum Lønns- og prisvekst	109	109	109	109
Konsekvensjusteringar	347	347	347	347
Konsekvensjustert ramme	4 115	4 115	4 115	4 115
Ramme 2023-2026	4 115	4 115	4 115	4 115

Eining: Seljord barne- og ungdomsskule

Omtale av eininga

Seljord barne- og ungdomsskule har inneverande skule per medio oktober 271 elevar. Ved slutten av skuleåret 2021/22 hadde skulen 273 elevar. 13 av desse er nyankomne flyktningar som har starta i perioden august - oktober 2022. Dei 13 er fire ulike nasjonalitetar og språk (Ukraina, Syria, Afghanistan og Kongo). Skulen har i tillegg mange minoritetsspråklege elevar frå tidlegare flyktningbølger og arbeidsinnvandring. Dette er viktig og spennande arbeid, men vi ser at det krev mykje ressursar og kompetanse, meir enn vi har i dag.

Neste skuleår vil Seljord barne- og ungdomsskule ha 266 elevar, under føresetnad at det ikkje kjem fleire flyktningar i løpet av dette skuleåret. Dette er ei marginal endring som ikkje gjev rom for økonomiske innsparingar. Neste års 1. klasse vil rett nok bli liten. Det ligg an til 14 elevar, kor 7 av desse er flyktningar. I tillegg kjem 12 elevar frå Flatdal oppvekstsenter ned til ungdomstrinnet, slik at talet på elevar held seg stabilt. Det er 30 elevar på årets 10. trinn. Neste års 8. trinn vil bli 47. Det vil seie at ungdomstrinnet ikkje har råd til å miste ressursar, då talet vil auke med 17 elevar.

I arbeidet med kvalitet i tenestene har Seljord barne- og ungdomsskule følgjande fokusområde som vil

halde fram i 2023; trygt og godt skulemiljø og skulenærvær, dysleksivenleg skule og innføring av LK20, særleg med tanke på tverrfagleg læring.

Sentrale utfordringar

Det er fleire elevar ved Seljord barne- og ungdomsskule med omfattande og vedvarande behov for tilrettelegging, som vil vare gjennom heile livsløpet. Dette er elevar som har minimum 1:1 oppfølging gjennom skuledagen og ev. SFO. Tre av desse har hatt statleg finansiering som fell bort frå 2023. Det er derfor behov for ei økonomisk auke i rammene på barnetrinnet.

Seljord barne- og ungdomsskule har godt vedlikehalde, men gamal bygningsmasse. Vi opplever kvar dag å ha eit bygg som ikkje spelar på lag med oss når det gjeld å oppfylle retten til trygt og godt skulemiljø eller legge til rette for å utnytte moglegheitene og krava i læreplanen LK20. Dette handlar m.a. om sanitære forhold, innandørs utforming og mangel på grupperom. Til trass for at det er *ein* skule, held alle tilsette til i to separate bygg. Dette er utfordrande med tanke på god ressursutnytting og skuleutvikling. Behova er fleire og omfattande. Det er ynskjeleg med ei heilskapleg tilnærming som ser alle utfordringar under eitt og kartlegg korleis ein kan gjera bygningsmassa om til eit moderne skulebygg som er godt for elevane, oppfyller miljøkrav i forskrift og er attraktivt for tilflytting til kommunen.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2023	2024	2025	2026
Opprinnelig budsjett		35 650	35 650	35 650	35 650
Sum Tekniske justeringar		400	400	400	400
Sum Vedtak forrige periode		-1 431	-931	-931	-931
Sum Demografijustering		848	0	0	0
Sum Lønns- og prisvekst		2 047	2 047	2 047	2 047
Konsekvensjusteringar		1 863	1 515	1 515	1 515
Konsekvensjustert ramme		37 514	37 166	37 166	37 166
Nye tiltak					
12 timar gratis SFO for 1. klassingar	Oppvekst	167	167	167	167
Sum Nye tiltak		167	167	167	167
Nye tiltak og realendringar		167	167	167	167
Ramme 2023-2026		37 681	37 333	37 333	37 333

Nye tiltak

12 timar gratis SFO for 1. klassingar

Ved Stortingets handsaming av statsbudsjettet for 2022 blei det vedteke å innføre 12 timar gratis SFO på første trinn frå hausten 2022.

Eining: Seljord barnehage

Omtale av eininga

Barnehagen består av to avdelingar, Heddeli og Tussejuv.

Avdeling Heddeli er budsjettert med 10,2 årsverk i barnehagen frå og med august 2022, fordelt med 100 % styrar, 553 % pedagog og 367 % assistent (inkl. 100 % vikar som er ekstra over bemanningsnorm).

Økonomiplan for 2023-2026

Avdeling Tussejuv er budsjettetert med 15 årsverk i barnehagen frå og med august 2022, fordelt med 100 % styrar, 900 % pedagog og 500 % assistent (inkl. 100 % vikar som er ekstra, over bemanningsnorm).

Det er mange barn under 3 år i barnehagene våre. Dei yngste barna krev meir av personalet. I januar 2023 er 25 av 53 barn under 3 år i Seljord barnehage avdeling Tussejuv, mens 14 av 40 barn er under 3 år i avdeling Heddeli.

4 barn som ikkje har krav på barnehageplass etter barnehagelova har fått plass frå januar 2023 i Seljord barnehage. Desse 4 barna utgjør 133 % stilling.

Sentrale utfordringar

Seljord barnehage avdeling Heddeli har ikkje kjøling gjennom ventilasjonsanlegget på småbarnsavdelinga. Barnehagen blir ubehageleg varm inne på våren og sommaren har behov for å utbetre med kjøling gjennom ventilasjonsanlegget på småbarnsavdelinga.

Vidare bør to av leikehusa skiftas ut i nær framtid, materialet har starta å rotne.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Opprinnelig budsjett	16 784	16 784	16 784	16 784
Sum Tekniske justeringar	1 253	1 253	1 253	1 253
Sum Vedtak forrige periode	-773	-773	-773	-773
Sum Lønns- og prisvekst	748	748	748	748
Konsekvensjusteringar	1 227	1 227	1 227	1 227
Konsekvensjustert ramme	18 011	18 011	18 011	18 011
Endringer i tidlige vedtatte tiltak				
Reduksjon i maksimal foreldrebetaling i barnehagane	Oppvekst	222	222	222
Sum Endringer i tidlige vedtatte tiltak		222	222	222
Nye tiltak og realendringer		222	222	222
Ramme 2023-2026		18 233	18 233	18 233

Endringer i tidlige vedtatte tiltak

Reduksjon i maksimal foreldrebetaling i barnehagane

Maksimalpris frå 1. august 2022 kr 3.050 pr. måned (og før det kr 3.315). Frå 1. januar 2023 er maksimalprisen kr 3.000. Kommunane er kompensert dette inntektstapet ved at staten har høgda rammetilskotet.

Eining: Flatdal oppvekstsenter

Omtale av eininga

Flatdal oppvekstsenter består av barnehage og skule.

Flatdal oppvekstsenter, barnehage har budsjettetert med 6 årsverk frå og med august 2022, fordelt med 100 % styrar, 267 % pedagog og 233 % assistent (inkl. 100 % vikar som er ekstra, over bemanningsnorm).

Dette gir grunnlag for opptak av inntil 24 barn over tre år/plassar per dag. Barnehagen er ikkje lagt til rette for barn mindre enn tre år, men frå januar 2023 vil det vere 3 barn der under 3 år.

Flatdal oppvekstsenter, skule er ei avdeling i utvikling. Det er stort sett eit trygt og godt skulemiljø for elevane og det er godt fagleg trykk med mange kompetente og dyktige lærarar. Eininga går ei lys framtid i møte med nybygg på gang, og det har vore ein fantastisk innsats av lærarar og elevar i flytteprosessen.

Flatdal oppvekstsenter skule er per i dag organisera i sju trinn. 1.trinn er dela i to grupper. Det er 88 elevar ved skule og 16 tilsette. Det er eit spesialpedagogisk behov ved skulen på 800% full oppdekking og 5 enkelttimar i veka. Det kjem truleg nye sakkundige tilråingar på meir i løpet av 2022. Det er SFO fem dagar i veka frå kl 07.30 til 08.40 og 13.10 (Blåtime) 14.10 – 16.30. Her er det 27 elevar frå 1.-4. trinn

Sentrale utfordringar

Sjølv om det er ein meget positiv «drive» på eininga finst det fleire utfordringar.

Kvar dag mellom 13.10 og 14.10 har skulen ein såkalla Blåtime. Dette er tilsyn mens elevane venter på skuleskyss. Skulen sluttar for dei minste elevane 13.10m, men skyss går først klokka 14.10. Om lag 75 % av skulens elevar er inne i skuleskyssordninga. Intensjonen her var då den blei til for fleire år sidan, at dette skulle vere ein time der elevane fikk gjere lekse, ha fritidsaktivitetar og kulturskule. I praksis er dette ein time det er utfordrande for ei lita eining å bemanne. Ein kan ikkje ta lærarar frå undervisningstid for tilsyn. Assistentane er i elevretta arbeid heile dagen, samt at dei driv SFO. Barna som er på SFO treng dei vaksne med seg. Om assistentane styrer både Blåtime og SFO trengs det fire vaksne for å dekkje behovet. På skulen vår er det fire assistentar. Dette medfører at eventuelle elevar frå storskulen ikkje kan motta støtte frå assistent den siste undervisningsøkta si (5.-7. klasse her undervisning til 14.10). Kvar dag er tre personar lønna ein time til tilsyn. ein bør utgreie dei økonomiske konsekvensen av «midtskyss»?

Ei anna utfordring i kvardagen er mangel på IKT støtte. Skulen har mange program, leigeavtalar, leasing og ofte hardware utfordringar. Det hadde vore svært ynskjeleg med ein pedagogisk IT-konsulent som kunne ferdigstille kjøpre rammer/skal (Visma flyt skule, Visma Timeplan, Visma Sikker Sak, Ephorte -> Elements, Agresso, Arena -> Framsikt) av program og implementere de inn i skulane og barnehagane som ferdige produkt.

Eininga har 10 % merkantil stilling som sitt i Seljord samt ein person i 100 % administrasjon. Det er ynskjeleg med meir merkantil støtte.

For om lag eit år sida starta skulen med "God Skole". Det har vore foreldremøtar, kurs i personalgruppa og gode resultat av arbeidet. Det er ynskjeleg å fortsettje prosjektet for å fullføre og å halde i det vi har starta på.

I år 2022 blei ramma auka med om lag 1,5 millionar årsaka auka spesialpedagogiske tilråingar. Denne ramma er ikkje vidareført i planperioden. Behovet er det same, og truleg auka, i nært foreståande år og i alle fall ut denne økonomiplanperioden.

Det er høgt egenmeldt fråver ved eininga, noko som ikkje kjem fram i statistikken. Det er eit skrikande behov for vikarar. Eininga her ikkje vikarpost på budsjettet, og dete er eit sterkt ynskje om fast vikar, som fleire andre einingar i kommunen har. Arbeidsmarkedsstiasjonen i dag gjer at det er utfordrande å

få tilsette med kompetanse, og så seie umogleg å få vikarar med kompetanse. Situasjonen er slik at det som oftast ikkje er mogleg å dekkje opp fråveret. Dette gjer noko med presset på dei som er på jobb samt kan gje utfordringar på eit psykososialt nivå på sikt.

Når det gjeld barnehagen er det også der aukande behov for spesial-pedagogiske tiltak. Vidare manglar barnehagen lagerplass til leiker, utstyr og forbruksmateriell. Leiker og materiell er i sirkulasjon, så noko er alltid på lager. Det kan vere mogeleg å rigge og leige eit rom i samfunnshuset.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan				
	2023	2024	2025	2026	
Opprinnelig budsjett	15 946	15 946	15 946	15 946	
Sum Tekniske justeringar	559	559	559	559	
Sum Vedtak forrige periode	-960	-960	-960	-960	
Sum Lønns- og prisvekst	905	905	905	905	
Konsekvensjusteringar	505	505	505	505	
Konsekvensjustert ramme	16 450	16 450	16 450	16 450	
Endringer i tidligere vedtatte tiltak					
Reduksjon i maksimal foreldrebetaling i barnehagane	Oppvekst	65	65	65	65
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak		65	65	65	65
Nye tiltak					
12 timar gratis SFO for 1. klassingar	Oppvekst	70	70	70	70
Sum Nye tiltak		70	70	70	70
Nye tiltak og realendringer		135	135	135	135
Ramme 2023-2026		16 585	16 585	16 585	16 585

Endringer i tidligere vedtatte tiltak

Reduksjon i maksimal foreldrebetaling i barnehagane

Maksimalpris frå 1. august 2022 kr 3.050 pr. månad (og før det kr 3.315). Frå 1. januar 2023 er maksimalprisen kr 3.000. Kommunane er kompensert dette inntektstapet ved at staten har høgda rammetilskotet.

Nye tiltak

12 timar gratis SFO for 1. klassingar

Ved Stortingets handsaming av statsbudsjettet for 2022 blei det vedteke å innføre 12 timar gratis SFO på første trinn frå hausten 2022.

Helse og omsorg

Omtale av tenesteområdet

Helse- og omsorgstenestene er ein av grunnpilarane i det kommunale tenesteapparatet. Tenestene blir gjeve til alle innbyggjarar i ulike livsfasar og med varierende tenestebehov. Tenestene skal førebyggje, gje råd og rettleiing, forhindre, oppdage og handsame. Kompetanse og kvalitet er fundamentet i tenestene, og den menneskelege ressursen vårt viktigaste verktøy.

Tenestemråde helse og omsorg blei omorganisera i 2018 og er dela inn i fire større einingar; helseavdelinga, open omsorg, institusjon og tilrettelagte tenester. Det er totalt 160 tilsette fordelt på vel 113 årsverk.

Seljord kommune er vertskommune for fleire interkommunale samarbeid, og er ein del av fleire interkommunale samarbeid innafor helse og omsorg som legevakttenesta, jordmortenesta, krisesenter og barneverntenesta.

Kommuneplan helse - og omsorg 2022-2034 med handlingsdel 2022 - 2025 blei politisk vedtatt i juni 2022. Det er eit heilskapleg og forpliktande styringsdokument, som skal vere retningsgivande, vise strategiske grep som er naudsynt for å møte dei utfordringane som Seljord kommune vil møte og framstille moglege løysingar. Vi skal vere ein god kommune for alle innbyggjarar, vi skal i større grad enn tidlegare sjå heile livsløpet til innbyggjaren med fokus på samanhengande og gode pasientforløp.

Sentrale utfordringar

For å sikre ei framtidsretta og brukarorientert teneste, må kommunen sitt samfunnsoppdrag i sterkare grad enn i dag leggje vekt på brukarmedverknad, førebygging, proaktiv oppfølging og gode forløp. Dette krev både nytenking, fleksibilitet, økonomiske og organisatoriske endringar. Ein visjon innan helse er *dei som treng mest, skal få mest*.

Utfordringane for Seljord på helse- og omsorgsområdet er store og aukande. Det blir stadig fleire innbyggjarar som treng kommunale helsetenester, oppgåvene aukar i kompleksitet, og vi må ha rett dimensjonering og utvikling av tenestene i takt med denne endringa. Vi er midt inne i den såkalla eldrebølga med fleire eldre, og fleire eldre eldre. Det krev store endringar i måten vi jobbar på og ikkje minst endringar i kva slags tilbod vi skal gje. Vi kjem ikkje til å ha nok tilsette i åra som kjem om vi held fram som i dag.

Det er, og vil bli, store rekrutteringsutfordringar framover. Vi må ta inn over oss at antall i arbeidsdyktig alder ikkje står i samsvar med auka av eldre. Det er i 2022 gjort fleire grep for å behalde og bygge robuste fagmiljø, ha rett kompetanse på rett plass til rett tid og ha fokus på å vere ein attraktiv arbeidsgjevar. Kommunen har mellom anna knytt til seg fleire lærlingar innan helse og omsorg, fått på plass støtteordningar for bachelorutdanning og vidareutdanning, inngått samarbeidsavtale med USN og AOF om å vere ein stabil praksiskommune og blitt kommune nr 9 som satsar på Menn i Helse.

Seljord kommune ligg på 237. plass i 2022, mot 276. plass i 2021, i kommunebarometeret. Vi kjem dårlig ut på tid med lege og fysioterapeut pr sjukeheimsbebuar og har relativt låg tilgang på korttids plassar, blant anna for å gje avlasting til pårørande til heimebuande brukarar.

Kommunen har til no i liten grad endra sine prioriteringar innan tenestområda. Vi må tørre å tenke annleis, byggje opp og rigge tenester for å vere i stand til å møte dei utfordringane vi veit kjem.

Retningsendringa i Helse- og omsorgsplan 2022-2034 framhevar fire strategiar;

Strategi 1: Dimensjon og retning

Rett dimensjonering på bygningar er viktig grunnlag for å møte demografiendringa

Det er behov for nybygg og endring ved fleire eksisterande bygg innan helse og omsorg. Det hastar med å gjere tiltak for å kunne møte demografiendringa vi veit kjem. Dekningsgraden

vil vere under sterkt press framover med aukande tal på eldre, fleire multisjuka og skrøpelege eldre. Dette førar primært til eit behov for auka kapasitet.

Velferdsteknologi bidrar til ein tryggare og enklare kvardag for brukarar, pårørande og tenestepersonell

Velferdsteknologi er fellesnamn på tekniske installasjonar og løysingar som kan betre livskvalitet til personar med hjelpebehov og gjere det mogleg å klare seg på eiga hand. Det kan og bidra til å løyse kapasitetsutfordringar og gjere kommunen betre rusta til å møte framtidsutfordringar. Teknologiske løysingar må erstatte delar av behovet for helsepersonell framover.

Strategi 2: Tidleg innsats

Systematisk tidleg innsats kan hindre at problem innan psykisk helse og rus får vekse seg store og bli vanskelegare å handtere

Rusmiljøet i Seljord er på veg i ein negativ retning og unge med begynnande rusproblem får ikkje tilstrekkeleg tilpassa hjelp i dag. Spesialisthelsetenesta melder om auke i henvisningar innan barne- og ungdomspsykiatri. Lågterskeltilbod og behandling på eit tidleg tidspunkt vil vera ein viktig del av folkehelsearbeidet i ein kommunen.

Større satsing på tilrettelagte arbeidsliv gjer det mogleg for fleire innbyggjarar å bidra aktivt i lokalsamfunnet

Det bør vere mogleg for alle å bidra i samfunnet og vere ein del av eit sosialt fellesskap. Seljord har få varig tilrettelagte arbeidsplassar(VTA) i forhold til andre kommunar i Vest-Telemark. Det er mogleg for kommunen å kjøpe plassar i tillegg, men da må kommunen finansiere desse plassane fullt ut.

Eit ope og inkluderande lokalsamfunn gjer betre livskvalitet til personar med demens og deira pårørande

Alderssamansetninga framover vil gje eit aukande tal personar som blir råka av nevrologiske sjukdommar som Parkinson, Alzheimer og andre former for demens. Gode førebyggjande tiltak fangar opp personar med demens og deira pårørande til rett tid og sikrar gode og samanhengande tenester.

Strategi 3: Kompetanse og rekruttering

Rett kompetanse på rett stad til rett tid gjer gode og heilskaplege velferdstenester

I Seljord kommune er det marginal kapasitet i fleire av tenestene innan helse og omsorg grunna for lav grunnbemanning. Det er ei pressa teneste som stadig må endre seg for å handtere oppgåver som blir overført frå stat til kommune, i tillegg til lovpålagte krav. Tilstrekkeleg tilgang på helsepersonell med rett kompetanse vil vere den største utfordringa, både for spesialisthelsetenesta og kommunane. Den sterke veksten i talet på eldre vil gje kommunale omsorgstenester fleire og meir krevjande oppgåver.

Systematiske kompetansetiltak rekrutterer og beheld

Det er eit taktskifte i ressurstilgang innanfor fleire av einingane. Det er allereie utfordrande å klare å rekruttere rett kompetanse i utlyste stillingar . Demografi - og sjukdomsutvikling gjer

aukande behov for spesialistar med spisskompetanse. For å lykkast med strategisk kompetansestyring er det naudsynt med forankring hjå både politisk og administrativ leing i kommunen. Det er behov for å avvikle kvilande nattevaktsløysingar og fremme heiltidskultur. Strukturerte rammeavtaler mellom tilsette og kommunen med permisjons- og lønsvilkår under grunntutdanning og vidareutdanning kan bidra til at Seljord blir ein meir attraktiv arbeidsgjevar. Seljord må vere konkurransedyktig på løn og ha fokus på å bygge robuste fagmiljø og gode arbeidsmiljø.

Strategi 4: Samarbeid

Ein lærande organisasjon og stabil praksiskommune bidrar til betre kvalitet og utvikling i tenestene

Det er ynskjeleg å ha konkrete forpliktande avtaler mellom Seljord kommune og universitet om å vere ein fast praksiskommune innan sjukepleie og vernepleie. Seljord kommune har mål om å vere ein stabil praksiskommune slik at studentar skal utvikle positive haldningar til kommunehelsetenesta. Det er mål om å etablere tettare samarbeid med vidaregåande skular, universitet, høgskular og fagskular om praksisplassar. Seljord må legge til rette for gode læringsarenaer i tenestene og skape kultur for læring.

Samskaping mellom innbyggjarar og kommune gjer nye og betre løysingar

Innbyggjarane og kommunen må saman skape eit aktivt, ope og inkluderande lokalsamfunn. Kommunen må legge betre til rette for å støtte opp under innbyggjarane sine eigne initiativ, til helsefremmande og frivillig arbeid. Fokus på forbetring av gode overgangar mellom tenestene er avgjerande for eit heilskapleg tilbod.

Kostra-analyse - Pleie og omsorg

	Seljord 2020	Seljord 2021	Vinje	Nome	Tokke	Landet uten Oslo	Kostragruppe 05
Produktivitet							
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass *)	1 227 230	1 273 200	2 128 344	1 158 554	1 485 036	1 426 523	1 252 076
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	3 389	3 854	6 415	3 246	4 349	4 437	4 228
Dekningsgrad							
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov (B)	28,5 %	28,4 %	21,0 %	30,0 %	23,3 %	31,3 %	29,3 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år (B)	11,7 %	14,3 %	10,4 %	15,9 %	10,5 %	18,5 %	19,3 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79 år (B)	14,6 %	17,8 %	13,1 %	23,3 %	13,6 %	16,6 %	18,4 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over (B)	14,1 %	13,1 %	12,4 %	15,0 %	19,3 %	16,1 %	15,0 %
Andel plasser i skjermet enhet for personer med demens (B)	26,7 %	25,8 %	40,6 %	33,8 %	25,0 %	28,5 %	32,5 %
Kvalitet							

Økonomiplan for 2023-2026

Andel brukerretnede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent)	74,4 %	75,4 %	81,0 %	83,0 %	87,1 %	78,3 %	78,1 %
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0 %	100,0 %	100,0 %	95,8 %	100,0 %	98,7 %	99,5 %
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem (B)	0,01	0,02	0,03	0,00	0,04	0,01	0,01
Geriatrisk sykepleier Avtalte årsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	16,24	16,30	13,58	7,58	0,48	3,98	5,98
Legetimer per uke per beboer i sykehjem (timer)	0,38	0,42	0,45	0,30	0,58	0,63	0,56

*) Inflasjonsjustert med deflator

Kostra-analyse - Sosiale tjenester

	Seljord 2020	Seljord 2021	Vinje	Nome	Tokke	Landet uten Oslo	Kostragruppe 05
Produktivitet							
Brutto driftsutgifter til introduksjonsordningen pr. innbygger	0,9	1,0	1,9	0,5	0,0	0,4	0,7
Kvalitet							
Gjennomsnittlig deltakelseslengde (måneder)	9	8	8	7		0	0

Det gode livsløp i Seljord

Måltabell

Satsingsområde	Hovudmål	FN berekraftsmål
Det gode livsløp i Seljord	Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	3-God helse og livskvalitet 4-God utdanning 11-Bærekraftige byer og lokalsamfunn 17-Samarbeid for å nå målene

Seljord kommune har som mål å rett dimensjon på bemanning opp mot dei oppgåver som skal løysast, og tilpasse tenestenivå etter ressurstilgang jf Helse og omsorgsplan 2022-2034

Delmålet er knytt til strategi 3 KOMPETANSE OG REKRUTTERING

Strategi for å nå mål (tabell)

Økonomiplan for 2023-2026

Hovudmål	Delmål	Strategi
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Fordele tenestene med vekt på førebygging og tidleg innsats	1 Dimensjon og retning
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Gje rett tenester til rett tid	1 Dimensjon og retning
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Ha fokus på tilrettelagt arbeid slik at det er mogleg for alle innbyggjarar å bidra aktivt i lokalsamfunnet	1 Dimensjon og retning
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Ha tilstrekkeleg kapasitet til å ivareta befolkninga sine behov	1 Dimensjon og retning
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Implementere velferdsteknologi slik at det tryggar brukarane, forbetrar ressursutnytting og kvalitet på tenestetilboda	1 Dimensjon og retning
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Legge til rette for at den einskilde skal mestre sin eigen livssituasjon og bu lengst mogleg heime	1 Dimensjon og retning
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Syte for universell utforming ved oppussing av eksisterande bygg og ved nybygg	1 Dimensjon og retning
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Ta høgde for at det er behov for differensiera butilbod	1 Dimensjon og retning
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Fange opp personar med demens og deira pårørande til rett tid for å sikre gode og samanhengande tenester	2 Tidleg innsats
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Ha gode og samanhengande tenester	2 Tidleg innsats
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Hindre utanforskap og tilby tidleg og målretta hjelp	2 Tidleg innsats
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Utarbeide individuell plan og koordinator der det er behov	2 Tidleg innsats
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Vere eit demensvenleg samfunn	2 Tidleg innsats
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Arbeide strukturert for eit fysisk, psykososialt og organisert godt arbeidsmiljø	3 Kompetanse og rekruttering
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Fremme heiltidskultur og legge til rette for tilsette i alle livsfasar slik at dei kan stå lenger i jobb	3 Kompetanse og rekruttering
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Ha fokus på leiarstøtte	3 Kompetanse og rekruttering
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Ha hospiteringssamarbeid mellom tenesteområda og med spesialisthelsetenesta	3 Kompetanse og rekruttering
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Ha konkurransedyktig løn og gode arbeidsvilkår i regionen	3 Kompetanse og rekruttering
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Ha kultur for å drive kompetanseutvikling og kunnskapsspreiing i organisasjonen	3 Kompetanse og rekruttering
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Ha rett dimensjon på bemanning opp mot dei oppgåver som skal løysast, og tilpasse tenestenivå til ressurstilgang	3 Kompetanse og rekruttering
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Legge til rette for at tilsette for personleg vekst og kompetanseutvikling	3 Kompetanse og rekruttering
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Legge til rette for grunnutdanning og etter-og vidareutdanning	3 Kompetanse og rekruttering
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Motivere og legge til rette for at leiarar har rett kompetanse knytt til delegera oppgåver	3 Kompetanse og rekruttering

Økonomiplan for 2023-2026

Hovudmål	Delmål	Strategi
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Motivere tilsette til å auke kunnskap og styrke si kompetanse	3 Kompetanse og rekruttering
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Sikre målretta og planmessig kompetansehevande tiltak jamfør kommunens utfordringsbilete og behov	3 Kompetanse og rekruttering
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Trekke til seg stabil, kvalifisert arbeidskraft som kan føre til auka busetting og pendling inn til kommunen	3 Kompetanse og rekruttering
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Vere ein god læringsarena som utviklar klinisk kompetanse	3 Kompetanse og rekruttering
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Vere ein stabil praksiskommune slik at studentar utviklar positive haldningar til kommunehelsetenesta	3 Kompetanse og rekruttering
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Ha høg fagleg kvalitet i alle tenester, basert på solid og rett kompetanse, og kva som fremmar helse og livskvalitet hos innbyggjarane våre	4 Samarbeid
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Jobbe aktivt med forbetring innan gode pasientforløp	4 Samarbeid
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Skape ein sams forståing for frivilling innsats i heile kommunen	4 Samarbeid
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Styrkje samhandling med frivillig sektor	4 Samarbeid
Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester	Vere ein aktiv samarbeidskommune i Helsefelleskapet	4 Samarbeid

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan				
	2023	2024	2025	2026	
Opprinnelig budsjett	87 474	87 474	87 474	87 474	
Sum Tekniske justeringar	6 475	6 475	6 475	6 475	
Sum Vedtak forrige periode	275	275	275	275	
Sum Lønns- og prisvekst	4 319	4 319	4 319	4 319	
Konsekvensjusteringar	11 069	11 069	11 069	11 069	
Konsekvensjustert ramme	98 544	98 544	98 544	98 544	
Endringar i tidlige vedtatte tiltak					
Barnevern	Helse og omsorg	528	528	528	528
Sum Endringar i tidlige vedtatte tiltak		528	528	528	528
Nye tiltak og realendringar		528	528	528	528
Ramme 2023-2026		99 072	99 072	99 072	99 072

Endringar i tidlige vedtatte tiltak

Barnevern

Barnevernsbudsjettet frå Kviteseid kommune er på kr 7.482.616. Dette er kr 527.636 meir enn løns- og prisjustert (5,3 %) 2023-ramme (som var høgda med kr 500.000 frå budsjett 2022 på kr 6.104.919).

Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar

Beløp i 1000

Økonomiplan for 2023-2026

		Økonomiplan			
Endringskode		2023	2024	2025	2026
01. prioritet: Auke med 1,42 årsverk helsefagarbeidar for å kunne gå frå 3 til 5 korttids plassar på Nesbukti	Nytt tiltak	675	675	675	675
01. prioritet: Gå frå passiv til aktiv nattevaksordning på Nestunet, Steinmoen og Heddelitunet	Nytt tiltak	590	1 550	1 550	1 550
01. prioritet: Opprette 1 årsverk til fysioterapeut i turnusteneste	Nytt tiltak	197	241	241	241
Auka helsesjukepleiarressurs med 0,7 årsverk i helsestasjon- og skulehelsetenesta	Nytt tiltak	0	555	555	555
Auke ass.einingsleiar ressurs frå 0,4 til 0,6 årsverk i Institusjon	Nytt tiltak	0	110	110	110
Auke ass.einingsleiar ressurs frå 0,4 til 0,6 årsverk i Open omsorg	Nytt tiltak	0	126	126	126
Auke budsjettramme for lærlingordninga innan Helse og omsorg	Nytt tiltak	0	125	125	125
Auke ergoterapiressurs frå 0,2 til 0,6 årsverk	Nytt tiltak	292	292	292	292
Auke med 1,2 årsverk innan Tilrettelagte tenester til barneavlastning	Nytt tiltak	0	397	591	591
Auke miljøterapiressurs med 1 årsverk i Psykisk helse og rus	Nytt tiltak	0	760	760	760
Auke ramme for kjøp av tenestar frå staten - overliggardøgn på sjukehus	Nytt tiltak	0	100	200	200
Auke ressurs til hukommelsesteam med 0,1 årsverk i Institusjon	Nytt tiltak	0	55	55	55
Auke ressurs til hukommelsesteam med 0,1 årsverk i Open omsorg	Nytt tiltak	0	55	55	55
Auke ressurser med 2,5 årsverk i heimesjukepleia	Nytt tiltak	0	0	703	1 248
Kjøpe 3 kommunale Varig tilrettelagte arbeidsplassar (VTA)	Nytt tiltak	536	804	804	804
Opprette merkantil ressurs med 0,5 årsverk i helseavdelinga	Nytt tiltak	0	323	323	323
Sum		2 290	6 168	7 165	7 710

Nye tiltak

01. prioritet: Auke med 1,42 årsverk helsefagarbeidar for å kunne gå frå 3 til 5 korttids plassar på Nesbukti

Nesbukti pleie og omsorgssenter har 3 korttids plassar til disposisjon. Ynskje om å auke kapasiteten til 5 plassar ved å omdefinere 2 langtids plassar til 2 korttids plassar. Krev auke med 1,42 årsverk helsefagarbeidar.

Det er i dag vanskeleg å få til eit tilfredsstillande tilbod som rehabilitering i institusjon då kommunen har få plassar til disposisjon. For å få til eit tilfredsstillande tilbod er det naudsynt å auke kapasiteten på korttids plassar og rehabiliterings plassar i institusjon. Fleire korttids plassar kan også bidra til betre pasient gjennomstrøyming, og dermed til meir effektiv bruk av tilbodet.

I fyrste omgang er målet å auke kapasiteten til 5 plassar. Tiltaket er lett å gjennomføre men krev auka ressursar. Presset på korttidsavdelinga er per i dag til tider så stort at det er vanskeleg å følge opp det pasientane har krav på. Høgt press over langt tid fører også til dårlege arbeidsforhold for dei tilsette med svært høg arbeidsbelastning. Skal me vera ein attraktiv arbeidsplass, noko Seljord kommune har som mål, der me klarer å rekruttere og ikkje minst behalde kompetanse må me legge til rette for gode arbeidsforhold. Dersom korttidsavdelinga ikkje får tilført meir ressursar kan det føre til auka sjukefråvær, dårlege resultat og tilsette som sluttar i jobbane sine.

Ved å ikkje gjennomføre tiltaket vil det også føre til auka bruk av overliggardøgn på sjukehus, fleire liggedøgn på sjukehus for pasienten, pasientar/pårørande får ikkje tilbod om avlasting når dei har behov for det men når kommunen kan tilby det, dårlege overgangar mellom sjukehus – institusjon – heim og dårlege pasientforløp.

I handlingsplan til helse og omsorgsplan vart det lagt inn eit auke med 1,1 årsverk på korttidsavdelinga. Det vart lagt inn forslag på 60% sjukepleiar stilling og 50% helsefagarbeidarstilling. Ein ser at dette kan bli utfordrande med rekruttering då det vil føre til mange små stillingar då behovet er å auke kapasiteten på helg. Med eit auke på 1,42 årsverk helsefagarbeidarkompetanse der ein kikkar på ulike turnus ordningar vil ein ikkje trenge så mange personar. Korttidsavdelinga har pr. i dag god kapasitet med sjukepleiar kompetanse så helsefagarbeidar ville vore tilstrekkeleg kompetanse

01. prioritet: Gå frå passiv til aktiv nattevaksordning på Nestunet, Steinmoen og Heddelitunet

Seljord kommune går frå passiv til aktiv nattevaksordning på Nestunet frå 2023 og på Steinmoen og Heddelitunet frå 2024.

Allereie i dag er det bebuarar på bukollektiv, bu- og servicesentre som er avhengige av tilsyn på natt. Behovet vil truleg auke i tida framover då det stadig er auka behov for å yte helsetenester i kommunen. Bebuarane har eit større tilsyns- og pleiebehov i dag enn før. Det fører til mykje utrykking på vakt for dei som går passive nattevakter. Kommunen må styrke ei låg bemanning og syte for at bemanninga har rett kompetanse.

Vaken nattevakt, vil i tillegg å auke kvalitet på teneste og pasientsikkerhet, føre til oppgåveforskyving som vil frigjera tid til å kunne prioritere andre oppgåver på andre tider på døgnet. Nattevakt i heimesjukepleia vil kunne ha base på Nestunet, noko som vil styrke bemanninga delar av natta. Ein kan dermed ha bebuarar med høgare pleietyngde på Nestunet enn det som er mogleg no.

På Heddelitunet vil vaken nattevakt møte ein del av utfordringane som uro, varierende helsetilstand hos bebuarane som utløyser auka behov for å vere til stades. Aktiv nattevakt vil føre til meir refusjon til særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester.

Det er sær store rekrutteringsutfordringar til passive vakter. Siste året har det ikkje vore vikarar å få tak i som ynskjer ei slik vaktløysing og ingen søkarar når slike stillingar vert lyst ut. Leiarane må sjølv dekke vakter for å sikre dagleg drift. Det fører til mindre tid til administrative oppgåver og unødig høgt arbeidspress på leiarane. Å arbeide over 9 timar og få betalt for halvparten er lite attraktivt. Tilsette mistar og sjansen til å få andre ekstravakter, fordi dei utløyser overtid når den passive tida blir rekna inn i den ordinære arbeidstida. Får å få vikarar har einingane kortsiktig gjort om til aktive vakter som utløyser ein annan betaling. Det er viktig at dei tilsette har ei løn dei kan leve av.

Kommunen må sjå behova på Nestunet, Steinmoen og Heddelitunet i samanheng - når ein arbeider med løysingar for å avvikle passive nattevakter. Det er difor lagt inn eit felles tiltak for å avvikle på Nestunet i 2023, og på Steinmoen og Heddelitunet i 2024.

01. prioritet: Opprette 1 årsverk til fysioterapeut i turnusteneste

Seljord kommune ynskjer å opprette 1 stilling til fysioterapeut i turnusteneste frå 2023

Fysioterapiavdelinga er under eit sterkt press og har vore det over lengre tid. Fysioterapitenesta arbeider og samhandlar både med barnehage, skule, sjukeheim, rehabiliteringsavdeling, open omsorg, psykisk helse mm i tillegg til kurativ verksemd.

Ser ein på kommunebarometeret kjem det fram at Seljord har lite fysioterapi pr pasient på sjukeheimen. Det vert satsa mykje på korttisopphald og rehabilitering på sjukeheimen, det er derfor viktig å setta inn fysioterapi den fyrste tida. Både for å kartlegge pasientens tilstand og for å lære opp personalet ved avdelinga. Det same gjeld for dei andre institusjonane og heimebuande.

Samhandlingsreformen gjev store utfordringar. Dei eldre bli både fleire og lever lengre i åra som kjem. Fleire multisjuka kjem tidlegare attende til kommunen og behovet for fysioterapiteneste er sentral.

Behov for vurdering, kartlegging og behandling hjå barn og unge er stort.

Ein av fysioterapeutane startar i haust på ein masterutdanning med fokus på fysioterapi til barn og unge. Ho vil derfor vera borte i ein del veker av året. Sjølv om avdelinga har eit stort arbeidspress har ein valgt å sei ja til denne vidareutdanninga. Den fysioterapeuten som innehar denne kunnskapen og erfaringa nærmar seg pensjonsalder og dette arbeidet vert derfor meir og meir overlatt til yngre kollega.

I staden for å be om ei fast fysioterapistilling ynskjer me å be om ein turnusstilling. I kommunen sin nyleg vedtekne HO-plan er viktigheten av å vera ein lærande organisasjon vektlagt. God praksiserfaring kan rekruttere ein framtidig kollega.

Seljord kommune har som mål å:

1. leggje til rette for at tilsette får personleg vekst og kompetanseutvikling
2. vere ein god læringsarena som utviklar klinisk kompetanse
3. vere ein stabil praksiskommune slik at studentar utviklar positive haldningar til kommunehelsetenesta
4. ha hospiteringssamarbeid mellom tenesteområda og med spesialisthelsetenesta

Turnustenesta for studentar som har avslutta si bachelorutdanning i fysioterapi, er regulert av forskrift om praktisk teneste (turnusteneste) for å få autorisasjon som fysioterapeut. Formålet med turnustenesta er at turnusfysioterapeuten ved å arbeide under veiledning, opplæring og supervisjon skal få naudsynt erfaring og tileigne seg oppøvd evne for sjølvstendig å kunne utføre fagleg forsvarleg verksamd som fysioterapeut. Det vert gjeve eit fastlønnskott, på lik linje som for dei andre fysioterapeutane, det er i 2022 på 228 000 pr år. Turnuskandidaten vil også generere inntekter i form av eigenandel og refusjon frå Helfo på alt kurativt arbeid.

Det betyr at kostnadane vil ligge på 240 000 pr år for 1 turnusstilling.

Auka helsesjukepleiarressurs med 0,7 årsverk i helsestasjon- og skulehelsetenesta

Seljord kommune vidarefører 0,7 årsverk helsesjukepleiarstilling frå 2024

Seljord helsestasjon har fått innvilga eit treårig (2021-2023) tilskot til styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta over statsbudsjettet kap. 762, post 60. Det er mellombels tilsett ein helsesjukepleiar i 70% prosjektstilling som gjev styrking inn i barnehage, skule og mot flyktningar. For 2023 er det innvilga eit minimumsbeløp på 363 720 og det er finne rom innanfor helseavdelinga si ramme til å vidareføre stillinga ut heile 2023.

I vedteken HO-plan vert arbeid med barn og unge vektlagt. Godt førebyggjande arbeid må ha som mål å fremje utvikling av sunne barn og unge som handterer framtidige utfordringar og risiko. Det lønner seg å investere i barn og unges psykiske helse, både for den einskilde og for kommunen generelt. Barn og unge i Seljord skal ha det bra og fungere godt gjennom barndommen for å kunne legge eit godt fundament for vaksenlivet. Dei har behov for å bli sett, høyrte og tatt vare på av vaksne, for å ivareta ei god psykisk helse. Å vere open og å tileigne seg kunnskap om barn og unges psykiske helse er heilt avgjerande for ein trygg oppvekst. Førebygging og helsefremming er helsesjukepleiar si fagkompetanse og er eit satsingsområde.

Helsestasjonen har eit svært godt samarbeid med skulane i kommunen og blir nytta inn i mange samanhengar. Mange skuleborn slit meir. Det er meir fråfall, skulevegring, rusproblematikk enn tidlegare. Midlane har m.a. blitt bruka til auka tilbod til alle skulane i Seljord. Den auka ressursen har bidratt til at fleire barn, unge og føresette har fått hjelp med bla psykisk helse, fråfall i skulen, seksuell helse og foreldrerettleiing. Ressursen har og auka det tverrfaglege samarbeidet som til dømes SLT og barne- og ungdomsteamet.

Det har kome langt fleire flykningar enn tidlegare grunna Ukrainakrigen og behov for oppfølging er stort. Prosjektstillinga har ført til at helsestasjonen har hatt kapasitet til å gjennomføre helseundersøkingar på barn og vaksne.

Ber om å vidareføre 0,7 årsverk ut over prosjektperioden og inn i varig drift. Det er behov for å auke ramma for fast løn.

Auke ass.einingsleiar ressurs frå 0,4 til 0,6 årsverk i Institusjon

Institusjon har assisterande einingsleiar i 40% stilling - behov for å auke til 60% stilling i 2024.

På Nesbukti er det i dag 1,4 årsverk leiar ressurs. Assisterande einingsleiar har 40 % stilling til administrasjon. Det krev masse ressurs når ein har døgnkontinuerleg drift og har over 50 tilsette i turnus. Det er for lite med 40 % administrativ tid for assisterande så denne bør aukast til minimum 60%. Mykje av tida ass.einingsleiar skal vera i dagleg drift gjeng også med til administrative oppgåver, noko som igjen gjeng ut over dei andre tilsette ein er på jobb med. Etter omorganiseringa har einingsleiar fått delegera eit mykje større ansvarsområde og endra arbeidsoppgåver, i tillegg til at leiarressursen på Nesbukti har gått ned frå 1,8 til 1,4 årsverk. Einingsleiar har ikkje kapasitet til å vera tett på personal. Arbeidsoppgåver som medarbeidarsamtaler blir nedprioritert for ein har ikkje tid til å jobbe med det. Dersom ass. einingsleiar fekk økt adm.tid kunne ein lettare avløyse einingsleiar med oppgåver. Ein får også sett av tid til å jobbe meir overordna og systematisk med fag, det er det ikkje rom for i 40% stilling. Ved å auke ass.einingsleiar si adm.stilling til 60 % må ein erstatte 20 % med sjukepleiar kompetanse

Auke ass.einingsleiar ressurs frå 0,4 til 0,6 årsverk i Open omsorg

For å kunne ivareta personalansvar for 50 tilsette som er lokalisera på tre ulike geografiske stader, og drifte tenestetilbodet i open omsorg er det behov for å auke stillinga til assisterande einingsleiar med 20 % frå og med 2024. Dette er ei eining i sterk vekst i økonomiplanperioden, og dette krev auka ressursar til leing.

Auke budsjetttramme for lærlingordninga innan Helse og omsorg

Seljord kommune aukar ramma for lærlingordninga innan Helse og omsorg slik at kommunen kan tilby fleire lærlingplass for å bli helsefagarbeidar

Seljord kommune har budsjettert med å ta inn 2 lærlingar i året - 1 på helse og 1 på oppvekst. Eit normal lærlingløp er på 2 år. Hausten 2022 var det fleire gode lærlingsøkarar. Det var rom til å ta inn ein ekstra lærling mot at ein bruka av variabel lønsbudsjett innan eiga ramme i helse.

Seljord vil vere ein kommune som satsar på Menn i helse. Utdanninga er tilrettelagt for arbeidssøkande menn i aldren 25-55+. Deltakarane får tittelen helserekruittar og under utdanninga vekslar dei mellom å motta ytelsar frå NAV og løn frå kommunen.

Ved å vere ein lærande organisasjon og praksiskommune må det og vere satt av tilstrekkeleg med lønsmidlar slik at det er mogleg å ta inn lærlingar når det er gode søkarar. Vi har ikkje råd til å la vere å satse på kompetanse.

Ber om å auke ramma tilsvarande ein lærling ekstra i året.

Auke ergoterapiressurs frå 0,2 til 0,6 årsverk

Seljord kommune ynskjer å utvide ergoterapistillinga frå 0,2 til 0,6 årsverk frå 2023

Ergoterapi er ein lovpålagt teneste i kommunane. Kommunestyret har tidlegare oppretta 0,2 årsverk til denne tenesta.

Pasientar vert tidlegare skrive ut frå sjukehusa. Dei treng rask kartlegging, opptrening og hjelpemidlar for å klare å vera lengst mogeleg i heimen.

Ein ser at dette er ei for lita stilling til at ein klarar å rekruttere inn medarbeiderar. Etter at stillinga vart ledig vinteren 2022 har ein ikkje klart å tilsett nokon i stillinga.

Det er vedtatt i kommuneplanens samfunndel at Seljord kommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass, og ein kommune med ynske om arbeidsplassar og folkevekst. Seljord kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar i regionen som klarar å rekruttere og behalde dei rette ressursane. Dei tilsette skal kjenne at dei kan kombinere ein meningsfull jobb med ei aktiv fritid og oppleve god livskvalitet. For å trekkje til seg kompetent arbeidskraft må organisasjonen ha fokus på heiltidskultur. Mange deltidstillingar påverkar kvalitet, hemmar læring og kompetanseutvikling. Ein organisasjon som satsar på heiltidskultur har lettare for trekkje til seg kompetent arbeidskraft, utvikle gode fagmiljø, tilby tenester av god kvalitet

Ber derfor om ei utviding av stillinga med 0,4 årsverk, slik at ein har 0,6 årsverk til ergoterapi i kommunen.

Kostnad ved å auke med 0,4 årsverk vil vera 292 000 pr. år

Auke med 1,2 årsverk innan Tilrettelagte tenester til barneavlastning

Seljord kommune aukar ressursar innan tilrettelagte tenester med 1,2 årsverk for å møte behov for avlastingstenester for barn under 16 år. Det vil vere behov for 0,8 årsverk i 2024 og 0,4 årsverk i 2025.

Tilrettelagde teneste har gjennom dei siste åra hatt ei auke i behov for avlasting til born under 16 år. Etterspurnad gjeld både tenester på ettermiddag/kveld og på helg.

Leveranse i denne typen teneste har ofte ei gradvis auke og utvikling for den enkelte. Ein må bygge opp tryggleik hos born og foreldre, og dei fleste har behov for auke i avlastinga når barnet blir eldre. Det er grunn til å forvente ei fortsatt auka i avlastingstenester.

Oppbygging av tenestetilbod for 1-2 barn i løpet av dei tre neste åra vil krevje ei samla auke i stillingsressurs på 1,2 årsverk. Dette kan leggest inn som ei gradvis auke over tre år. Det er allereie gjort ei omfordeling av ressursar, og auke i tenesteleveransen blir dekt i ramma for 2023. For 2024 vil det være behov for ca 0,8 årsverk, og 2025 ei ytterligere auke på 0,4 årsverk. Den stipulerte auka føreset innføring av vaken nattevakt.

Auke miljøterapiressurs med 1 årsverk i Psykisk helse og rus

Seljord kommune ynskjer å styrke avdelinga for psykisk helse og rus frå 2024

I 2020 blei det vedteke ein reduksjon i miljøterapeutstilling innan rusfeltet ved avdeling for psykisk helse og rus med 1 stilling. Dette ser me konsekvensen av no. Rusproblematikken i kommunen er aukande og avdelinga er svært sårbar med bare ein person som jobbar med dette feltet i dag. Fokuset og trongen for sikkerhetsvurderingar og sikkerhetstiltak er aukande, fleire vert utskrivne frå overfylt sjukehus tidlegare, og det er ikkje sjeldan trong for dobbel bemanning i møte med brukerar. Som arbeidsgjevar har Seljord kommune eit stort ansvar for at dei tilsette skal føle trygghet og meistring i krevjande situasjonar.

Utdrag frå vedteken HO-plan:

Reformene dei siste åra har ført til at kommunen og har fått eit større ansvar for brukarar og pasientar med omfattande somatisk og psykisk helse- og ruslidingar. Pasientane vert ofte utskrivne frå spesialist mange vil ha behov for eit kommunalt tilbod i ein overgangsfase eller over lengre tid. Dei fleste pasientane startar behandling i spesialisthelsetenesta, men oppfølging av behandling, helsetenesta raskare enn tidlegare. I Noreg er gjennomsnittleg liggjedøgn på sjukehus om lag 2 døgn. Det tyder observasjonar og opptrening skjer i kommunen. Det fører til auka behov for tenesteyting i heimen, og behov for fleire korttidsplassar i institusjon der pasientane kan få oppfølging, vidare behandling og opptrening i ein periode før dei skal heim eller over til anna butilbod. Dette fører vidare til eit større behov for ressursar, auka kompetanse og spesialisering innan heile helse- og omsorgstenesta.

I vedteken handlingsdel av HO-plan vart styrkinga av avdelinga lagt inn i 2024.

Kostnad med å styrke avdelinga med 1 årsverk vil vera 550 000 pr .år

Auke ramme for kjøp av tenestar frå staten - overliggardøgn på sjukehus

Kjøp av tenester frå staten - overliggardøgn. Behov for auka ramme frå 2024

Kommunen har for få sjukeheimplassar og for lita ramme til overliggardøgn på sjukehuset. Det er difor naudsynt å auke ramma i økonomiplanperioden. Utfordring ved at kommunen ikkje får leige plassar i andre kommunar, når eigen kapasitet ikkje er nok. Målet er å kunne redusere denne posten når det er fleire korttidsplassar i eigen kommune.

Auke ressurs til hukommelsesteam med 0,1 årsverk i Institusjon

10% auka ressurs til hukommelsesteam på institusjon.

Seljord kommune har for mål å vera eit demensvenleg samfunn og fange opp personar med demens og deira pårørande til rett tid for å sikre gode samanhengande tenestar. Hukommelsesteamet skal arbeide for at personar med demens og deira pårørande skal få ein betre kvardag og betre oppfølging. Talet på personar med demens vil auke i takt med talet på eldre. Institusjon har 10 % avsatt tid for å arbeide med demens i kommunen. Det er vanskeleg å få til eit godt systematisk tilbod når ein har så lite ressursar til rådighet. God kartlegging, tidleg innsats og tid til å fylgje opp pårørande til demente på ein god måte vil gje betre pasientforløp og kunne utsetta behov for institusjonsplassar. Skal ein få til eit godt arbeid med personar med demens og deira pårørande krev det auke med med 10% stilling.

Auke ressurs til hukommelsesteam med 0,1 årsverk i Open omsorg

Seljord kommune har som mål å vera eit demensvenleg samfunn. For sikre gode og samanhengande tenester må ein fange opp personar med demens og deira pårørande til rett tid . Auka antal eldre i kommunen fører til ein høgare andel innbyggjarar med demens. God kartlegging, tidleg innsats og tid til å fylgje opp pårørande på ein god måte vil gje betre pasientforløp og kunne utsette behov for institusjonsplassar. Hukommelsesteamet er i dag sett saman av 10 % stilling på institusjon og 10 % stilling i heimesjukepleia. Det trengs ein auke på 20 % stilling til hukommelsesteam, fordela likt på heimesjukepleia og institusjon.

Auke ressursar med 2,5 årsverk i heimesjukepleia

I 2025 startar talet på eldre i Seljord kommune å stige, noko som krev auka ressursar i heimetenestene og auka antal plassar med heildøgns pleie og omsorg. Det fyrste behovet i open omsorg er å auke frå 2 til 3 tilsette på kveld i heimesjukepleia heile veka, og auke bemanninga frå 3 til 4 tilsette på dagtid på helgene. For å få til dette trengs det 1,5 årsverk med helsefagarbeidar.

I 2026 er det lagt inn 1 årsverk med sjukepleiar for å styrke heimesjukepleia på dagtid i vekene.

Kjøpe 3 kommunale Varig tilrettelagte arbeidsplassar (VTA)

Seljord kommune kjøper 2 kommunale VTA -plassar i 2023 og 1 kommunal VTA - plass i 2024 i påvente på tildeling av fleire statlege VTA plassar.

Målgruppe: Tiltaket er retta mot personar som mottar eller i nær fremtid ventar på å få innvilga uføretrygd etter folketrygdloven, og som har behov for spesiell tilrettelegging og tett oppfølging. VTA-tiltaket har flere målgrupper. Tradisjonelt sett har det vore menneske med utviklingshemming som har fått tilbod, men i den seinare tid har det kome nye brukargrupper med behov for individuell oppfølging grunna psykisk sjukdom og liknande.

Seljord har få plassar tilgjengeleg i forhold til andre kommuner i Vest-Telemark. Seljord har i dag 3 statlege VTA - plassar og 1 fullfinansiert kommunal VTA - plass. NAV har gjennom fleire år spelt inn sentralt at det er behov for fleire plassar i Seljord, men det er ikkje gjort ei endring i tildelinga så langt. Alle plassane i Seljord er i bruk og det er venteliste. Etterspurnaden er større enn tilbodet og det hastar med å auke kapasiteten.

Det bør vere mogleg for alle å bidra i samfunnet og vere ein del av eit sosialt fellesskap. Det er vist at varig tilrettelagt arbeid gjer meir samfunnsøkonomisk gevinst samanlikna med til dømes aktivitet på eit dagsenter.

Kommunal andel på statlege plassar er 50% av den statlege satsen, medan kommunale plassar er fullfinansiert av den enkelte kommune. Dersom Seljord blir tildelt fleire statlege VTA plasser skal dei erstatte kommunale.

Opprette merkantil ressurs med 0,5 årsverk i helseavdelinga

Seljord kommune ynskjer å styrke helseavdelinga med 0,5 årsverk merkantil ressurs frå 2024

Einingsleiar har etterkvart svært mange oppgåver. Fleire av dei er merkantile, så som Helfo-rekneskap, utsendese av faktura, ettersyn med fakturering, EPJ-administrasjon, administrering av timebøkar, innhenting av anbod, skriving av arbeidskontraktar og mykje meir.

Det at personalavdelinga har redusert sine ressursar gjer at det er lagt fleire oppgåver ut til einingane. Dette er oppgåver som tek lang tid og er etter einingsleiar si meining oppgåver som kunne vore handtera bedre av ein merkantil ressurs.

Slik det er i dag gjeng det ut over personalarbeid, tverrfagleg arbeid, strategisk planlegging mm. For å dekke desse oppgåvene for alle avdelingane innan eininga, trengs det 0,5 årsverk.

Kostnad på 323 000 frå 2024

Fellestenester helse og omsorg

Seljord kommune har som mål å rett dimensjon på bemanning opp mot dei oppgåver som skal løysast, og tilpasse tenestenivå etter ressurstilgang jf Helse og omsorgsplan 2022-2034

Delmålet er knytt til strategi 3 KOMPETANSE OG REKRUTTERING

Omtale av eininga

Under ansvar 300 er det lagt inn fellestenester som gjeld for heile helse- og omsorg.

Tenestekontoret er ei fellesteneste som har ansvar for tildeling og koordinering av helse- og omsorgstenester i kommunen. Kontoret er eit sentralt kontaktpunkt for alle samarbeidspartar på tenesteområdet lokalt, med andre kommuner, med sjukehus og spesialisthelsetenesta for øvrig. Målet med sakshandsaming og tildeling av helse - og omsorgstenester er at det skal finnast tilbod med rett teneste til rett tid, og i rett omfang for personar som oppheld seg i kommunen. Det er totalt knytt 1,8 årsverk til tenestekontoret som er organisert under kommunalsjef.

Seljord kommune er vertskommune for 1 årsverk samhandlingskoordinator, som er felles for heile Vest-Telemark og sjukehuset Telemark. I tillegg til sekretariatsfunksjon i Helsefellesskapet, er samhandlingskoordinator engasjert i ulike samhandlingsprosjekt mellom STHF og kommunane, og fleire interkommunale satsingar innan helse og omsorg lokalt i Vest-Telemark.

Seljord kommune er vertskommune interkommunal psykologteneste, som er eit samarbeid mellom 5 kommunar (Kviteseid, Tokke, Nissedal, Fyresdal og Seljord). Vertskommunen utfører arbeidsoppgåver på vegne av samarbeidskommunane innan fylgjande ansvarsområde retta mot barn og unge: medverke til samordna tenesteutvikling i dei fem kommunane, tverrfagleg samarbeid - primærførebyggjande og i enkeltsaker, rettleiing av faggrupper og profesjonar, klinisk arbeid. Det har til og med 2022 vore knytt 2 årsverk til denne tenesta. Frå 2023 vil 0,5 årsverk bli nytta inn i eit nytt satsingsområde - Rask psykisk helsehjelp.

Seljord kommune er vertskommune for Rask psykisk helsehjelp (RPH). Det skal etter planen starte opp etter nyttår, og vi er midt i ein spanande rekrutteringsprosess. Det er knytt 3 årsverk, i tillegg til 0,5 årsverk psykolog, til tenesta. Vertskommunen utfører arbeidsoppgaver på vegne av samarbeidskommunane (Vinje, Tokke, Fyresdal, Nissedal, Kviteseid og Seljord) innan RPH, dvs. rettleia sjølhjelp og kognitiv terapi til personer over 16 år med moderat depresjon, angst, byrjande rusproblem og/eller søvnavanskar. Det vert inngått ei eiga delavtale mellom vertskommunen og Vinje kommune om fordeling av kostnadar til 0,5 psykologårsverk.

Under fellestenester ligg 0,1 årsverk til oppfølging av alkohollova og skjenkeløyve. Kommunen leiger inn ein fagperson på timebasis for å ivareta lovpålagte oppgåver.

Det er fleire spanande pågåande prosjekt innan helse. Fleire kommunar i Vest-Telemarker i gang med å etablere eit interkommunalt simuleringssenter kor Seljord vil vere vertskommune. Kommunen har og fått tilskot i eit fireårig prosjekt innan førebyggjande kommunalt rusarbeid for unge og unge vaksne.

Sentrale utfordringar

Som vertskommune følger eit arbeidsgjevaransvar på vegne av samarbeidskommunane. Dei fleste slike samarbeid er lagt direkte under kommunalsjef, som frå 2023 er nærmaste leiar og har personalansvar

Økonomiplan for 2023-2026

for omlag 12 årsverk (inkl. einingsleiarane). I tillegg ligg det 2 årsverk prosjektstillinger under kommunalsjef. Det krev struktur, faste møtepunkt og god planlegging. Det er viktig at alle kjenner seg sett og at nærmaste leiar er tilgjengeleg.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Opprinnelig budsjett	1 940	1 940	1 940	1 940
Sum Tekniske justeringer	305	305	305	305
Sum Vedtak forrige periode	36	36	36	36
Sum Lønns- og prisvekst	-47	-47	-47	-47
Konsekvensjusteringer	294	294	294	294
Konsekvensjustert ramme	2 234	2 234	2 234	2 234
Ramme 2023-2026	2 234	2 234	2 234	2 234

Barnevern

Omtale av eininga

Kommunen si øvste politisk og administrative leiing har det overordna ansvar for at barneverntenesta forvaltast i samsvar med gjeldande regelverk og det blir levert forsvarlege tenester.

Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark er interkommunal barnevernsteneste for Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje kommune. Kviteseid kommune har vertskommune ansvar.

Barnevernsamarbeidet er medlem av Barnevernsvakten i Telemark, Skien kommune har vertskommuneansvar for vakta.

Barnevernstenesta sitt mandat er i følge lova «å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Barnevernslova skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærighet og forståelse og at barn og unge får gode og trygge oppvekstkår».

I barnevernsamarbeidet er det totalt 16,2 årsverk fordela på til saman 20 tilsette.

Sentrale utfordringar

Barnevernsreforma, som og er ein oppvekstreform, trådde i kraft 1.1.2022. Mål med reforma er at: kommunen skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging, hjelpa skal bli betre tilpassa barnet og familien sitt behov, rettsikkerheten til barn og familiar skal bli godt ivaretatt, ressursbruk og oppgåveløysing i barnevernet skal bli meir effektivt. Kommunen har gjennom reforma fått eit auka økonomisk ansvar for barnevernet.

Sats pr. måned frå 1.1.2022:

Beredskapsheim 85 000 kr. pr måned

Spesialisera fosterheimar 85 000 kr. pr måned

Institusjonsplassering 170 000 kr. pr måned

Økonomiplan for 2023-2026

Kommunane sine auka utgifter skal i høve reforma kompensert gjennom overføring i rammetilskotet til kommunane. For 2022 dekte ikkje overføringane dei auka utgiftene kommunane Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje har. Seljord kommune var den einaste av Vest-Telemark kommunane som ikkje kom negativt ut for 2022. Barnevernstenesta sin økonomi er i stor grad knytt til kva tiltak som til ein kvar tid er rett for barn og familiar. Det er vanskeleg å forutsjå kor og når utgifter vil inntreffe. Kva tiltak som er rett til det enkelte barn og familiar kan raskt endre seg og nye utfordringar kan oppstå utan varsel. Er eit barn i ein alvorleg situasjon kan omfattande tiltak vere nødvendig raskt. Det er og krevjande og uforutsigbart kva utgifter vi til ein kvar tid får knytt til sakkyndigoppdrag. Fylkesnemnda krev oftare at barnevernet sett inn sakkyndig før dei behandlar ei sak i nemnda. Dette er svært kostnads-krevjande. Saker behandla i Fylkesnemnda går nå nesten alltid vidare i rettssystemet. Som følge av dette aukar og kostnadane barnevernet har til advokat bistand.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan				
	2023	2024	2025	2026	
Opprinnelig budsjett	6 105	6 105	6 105	6 105	
Sum Vedtak forrige periode	500	500	500	500	
Sum Lønns- og prisvekst	350	350	350	350	
Konsekvensjusteringer	850	850	850	850	
Konsekvensjustert ramme	6 955	6 955	6 955	6 955	
Endringer i tidligere vedtatte tiltak					
Barnevern	Helse og omsorg	528	528	528	528
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak		528	528	528	528
Nye tiltak og realendringer		528	528	528	528
Ramme 2023-2026		7 483	7 483	7 483	7 483

Endringer i tidligere vedtatte tiltak

Barnevern

Barnevernsbudsjettet frå Kviteseid kommune er på kr 7.482.616. Dette er kr 527.636 meir enn løns- og prisjustert (5,3 %) 2023-ramme (som var høgda med kr 500.000 frå budsjett 2022 på kr 6.104.919).

Eining: Helseavdeling

Omtale av eininga

Helsesavdelinga har tverrfagleg fagkompetanse, noko som er ein stor fordel for kommunen. Her er helsestasjons- og skulehelsetenesta, fysio- og ergoterapitenesta, psykisk helse og rus, frisklivscentralen, legekantor og legevakt samla.

Ei godt utbygd primærhelseteneste avlastar andre delar av helsevesenet og er dermed også samfunnsøkonomisk lønnsam. Innbyggjarane og einingane nyter godt av at Seljord har ei velfungerande helseavdeling.

Seljord blei ein del av pilotprosjektet Primærhelseteam i 2018. Det har gitt betre koordinerte og samhengjande tenester for brukarane, og ei betre tverrfagleg teamorganisering.

Helseavdelinga består av 5 avdelingar.

Økonomiplan for 2023-2026

Legekontoret: 13,68 årsverk fordela på 17 tilsette. 7,2 legeårsverk inkludera 2 årsverk LIS1-legar. Har 0,6 vakant legeårsverk grunna permisjonar. 1,4 helsesekretærårsverk, 4.38 sjukepleiarårsverk.

Legevakta: 1,93 sjukepleiarårsverk fordela på 6 tilsette. Legeårsverk er det same, fordela på 10 heimlar.

Fysioterapi: 2,4 årsverk fordela på 2 fysioterapeutar, 1 helsesjukepleiar i 0,2 årsverk på Friskliv og 0,2 vakant ergoterapistilling. I tillegg er det 1 fysioterapeut på driftsavtale.

Helsestasjon: 2,7 årsverk inkludera 0,7 årsverk prosjektstilling

Psykisk helse og rus: 5,65 årsverk fordela på 8 tilsette. Dette inkluderer 0,3 årsverk SLT-koordinator.

Felles for alle avdelingane er 1 årsverk einingsleiar.

Helseavdelinga har ei budsjettramme på i overkant av 16 millionar.

Sentrale utfordringar

Kommunen sine oppgåver vert endra, kompleksitet og krav til kompetanse aukar. Framfor å heva terskelen for å få hjelp må det i større grad utviklast tenester som støttar opp under førebygging, tidleg innsats og rehabilitering. Dette krev både nytenking, fleksibilitet, økonomiske og organisatoriske endringar.

Utfordringane for heile helseavdelinga, i liket med resten av tenesteområdet, er å sikre rett kompetanse på rett plass. Det å behalde dyktige tilsette og rekruttere til ledige stillingar betyr konstant jobbing med arbeidsmiljø, fagutvikling og teamarbeid.

Vi lever generelt lengre, og det er bra. Med det følgjer ofte diagnosar og sjukdommar som kan vere komplekse, samansette og med langvarig behov for helsetenester.

Reformene dei siste åra har ført til at kommunen og har fått eit større ansvar for brukarar og pasientar med omfattande somatisk og psykisk helse- og ruslidingar. Pasientane vert ofte utskrivne frå spesialisthelsetenesta raskare enn tidlegare. I Noreg er gjennomsnittleg liggjedøgn på sjukehus om lag 2 døgn. Det tyder at mange vil ha behov for eit kommunalt tilbod i ein overgangsfase eller over lengre tid. Dei fleste pasientane startar behandling i spesialisthelsetenesta, men oppfølging av behandling, observasjonar og opptrening skjer i kommunen. Dette fører vidare til eit større behov for ressurar, auka kompetanse og spesialisering innan heile helse- og omsorgstenesta.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Opprinnelig budsjett	14 060	14 060	14 060	14 060
Sum Tekniske justeringar	1 700	1 700	1 700	1 700
Sum Vedtak forrige periode	-86	-86	-86	-86
Sum Lønns- og prisvekst	675	675	675	675
Konsekvensjusteringar	2 290	2 290	2 290	2 290
Konsekvensjustert ramme	16 350	16 350	16 350	16 350
Ramme 2023-2026	16 350	16 350	16 350	16 350

Eining: Open omsorg

Omtale av eininga

I eininga Open omsorg ligg heimetenester (heimesjukepleie og heimhjelp), Nestunet bukollektiv og dagsenter og Steinmoen bu- og servicesenter. Eininga har i alt omlag 32 årsverk fordela på 50 tilsette. Av desse årsverka er omlag 9 årsverk sjukepleiarar, 13 årsverk helsefagarbeidarar og 10 årsverk ufaglærte.

Open omsorg er ei av kjerneverksemdene i helse og omsorg og gjev nødvendig helsehjelp, rehabilitering og praktisk bistand til heimebuande. I tillegg betener open omsorg tryggleiksalarmar, sørgjer for utkøyring av middag frå produksjons kjøken og administrerer utlån av hjelpemiddel i kommunen. Fleire og sjukare pasientar får helsehjelp i eigen heim. Dette krev tilstrekkeleg og rett kompetanse for å førebygge behovet for institusjonsplassar og sikre fagleg forsvarleg helsehjelp.

Sentrale utfordringar

Sterk auke i talet på eldre og dermed fleire med samansette og komplekse diagnoser vil stille store krav til kapasitet og kompetanse i open omsorg. Satsingsområde vil vera demensomsorg, rehabilitering og innføring av velferdsteknologi.

Det vil bli auka behov for plassar med heildøgns omsorg; langtidsplassar, korttidsplassar og avlastningsplassar. Sjølv om ein bygger ut heimetenestene, er det ei grense for kor lenge ein kan ivareta pasientane i eigne heimar. Rekruttering av fagpersonell vil kanskje vera den største utfordringa i åra som kjem.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Opprinnelig budsjett	25 926	25 926	25 926	25 926
Sum Tekniske justeringar	1 750	1 750	1 750	1 750
Sum Vedtak forrige periode	-51	-51	-51	-51
Sum Lønns- og prisvekst	1 167	1 167	1 167	1 167
Konsekvensjusteringar	2 866	2 866	2 866	2 866
Konsekvensjustert ramme	28 792	28 792	28 792	28 792
Ramme 2023-2026	28 792	28 792	28 792	28 792

Eining: Teneste for funksjonshemma

Omtale av eininga

Tilrettelagde tenester (TT) leverer tenester til personar med ulike funksjonshemmingar. TT har følgjande tenesteportefølje:

- drifter eit butilbod
- leverer tenester til personar i eigen bustad
- drifter eit aktivitetssenter
- leverer avlastningstenester

Økonomiplan for 2023-2026

Tenesta leverte tenester til 12 personar pr 31.12.2021. Brukarane er relativt unge - med vidt spenn i funksjonsutfordringer.

TT har 13,67 stillingsheimlar fordelt på ca 20 tilsette. Eininga har ulik helsefagkompetanse, målretta miljøarbeid og pedagogikk. Eininga har også fleire assistentar med lang og variert erfaringskompetanse. Tenesta har fagleiar for aktivitetssenteret i 80% stilling og einingsleiar i 100% stilling.

Sentrale utfordringar

Det har vist seg vanskelig å rekruttere vernepleierfaglig personell til eininga, og såleis vore utfordrande å sikre faglig forsvarlig drift. Ei av dei vakante vernepleiarstillingane er difor gjort om til i fagansvarlig vernepleiar, med arbeidstid dagtid samt helg.

Kommunen manglar Varig tilrettelagde arbeidsplassar i skjerma verksemd. Dette gir særlege utfordringar for nokon av brukarane som mottek tenester frå eininga.

Eininga har auka pågang frå familiar med born som treng avlastning. Dette krev auka bemanning og tilgang til fasilitetar som husvære og bil. Eininga har leasa bil frå september 2022. Eininga disponerer to leilegheiter til avlastning. Dette gir lågare husleigesinntaktar for kommunen.

Eininga har kvilande nattevakt. Ordninga er ikkje god for verken brukarar eller tilsette. Det er lagt inn eit forslag til driftstiltak om avvikle nattevaksordninga innan helse i økonomiplanperioden 2023-2026. For TT vil endringa i tilfelle gjelde frå 2024.

Det er innført bruk av arbeidstøy for tilsette. Eininga manglar tilfredsstillande garderobe fasilitetar. Pr i dag nyttast det eine sanserommet til skift. Ved flytting av sanserom til "Heddeli" vil det difor være behov for noe bygningsmessige justeringar.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Opprinnelig budsjett	10 555	10 555	10 555	10 555
Sum Tekniske justeringar	751	751	751	751
Sum Vedtak forrige periode	-24	-24	-24	-24
Sum Lønns- og prisvekst	509	509	509	509
Konsekvensjusteringar	1 235	1 235	1 235	1 235
Konsekvensjustert ramme	11 790	11 790	11 790	11 790
Ramme 2023-2026	11 790	11 790	11 790	11 790

Eining: Institusjon

Omtale av eininga

Seljord kommune har ein institusjon, Nesbukti pleie og omsorgssenter, som består av korttidsavdeling og langtidsavdeling . Nesbukti har 31 pasientrom fordelt på 4 fløyar. Av dette er 27 langtids plassar, der 19 plassar er på somatisk avdeling og 8 plassar ved avdeling for demente. 3 av plassane er øyremerka korttids plassar til bruk for kortare opphald for rehabilitering, observasjon og avlasting og 1 plass for kommunal akutt døgnplass. I tilknytning til pleie- og omsorgssenteret er det også eige vaskeri og mottakarkjøkken.

Nesbukti pleie og omsorgssenter har totalt 33,99 årsverk fordela på 51 tilsette.

Seljord kommunes produksjonskjøkken er organisera under eining institusjon. Dei produserar varm mat til sjukeheim, bu og servicesenter og heimebuande i kommunen, og er lokalisera i leigde lokaler på Dyrskuplassen. Produksjonskjøkkenet har 2 tilsette fordela på 1,6 årsverk.

Sentrale utfordringar

Det er vanskelig å få til eit godt tilbod som rehabilitering i institusjon då kommunen har få plasser til disposisjon. Dette fører til kø og stort press på plassane. Pasienten bli også liggande på sjukehus på overliggardøgn. For å oppretthalde ein effektiv pasientstrøm og ein funksjonell korttidsavdeling er det naudsynt med tilstrekkeleg antall korttids plassar.

Det er vanskeleg å rekruttere til faste stillingar, det har vist seg at det er spesielt vanskelig å rekruttere sjukepleiarar til ledige stillingar på institusjon. Dette fører til auka bruk av ufaglærte eller folk med lågare fagkompetanse i stillingar som krev sjukepleiarkompetanse. Vakante stillingar blir også eit resultat av manglande ressursar. Mangelen på tilgang på vikarar har vore og er stor.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Opprinnelig budsjett	28 889	28 889	28 889	28 889
Sum Tekniske justeringar	1 970	1 970	1 970	1 970
Sum Vedtak forrige periode	-100	-100	-100	-100
Sum Lønns- og prisvekst	1 665	1 665	1 665	1 665
Konsekvensjusteringar	3 534	3 534	3 534	3 534
Konsekvensjustert ramme	32 423	32 423	32 423	32 423
Ramme 2023-2026	32 423	32 423	32 423	32 423

Samfunnsutvikling og drift

Omtale av tenesteområdet

Tenesteområdet samfunnsutvikling og drift har ansvar for plan og utvikling, landbruk og miljø, kultur og næring, reinhald, teknisk drift, byggjesak og oppmåling, kommunale vegar og bygg, brannvesen, vatn og avløp, renovasjon og utleigebustader.

Tenesteområdet har ansvar for gjennomføring av dei fleste av kommunen sine investeringsprosjekt. Det har over noko tid vore eit stort etterslep på gjennomføring av investeringar som følgje av for høgt ambisjonsnivå samanlikna med kapasiteten til gjennomføring. Etterslepet er krevjande å ta att både fysisk og økonomisk. Det er å håpe at auka kapasitet kan auke gjennomføringsevna, men det er også avhengig av økonomiske musklar og prioriteringar.

Tenesteområdet er organisert med kommunalsjef som einingsleiar for tenesteområdet. Kommunalsjefen har budsjett- og personalansvar. Det vil frå 2023 vonleg kome på plass ein einingsleiar med budsjettansvar for teknisk. Vi har ein formann for uteavdelinga, og vi har ein reinhaldsleiar for reinhaldsavdelinga. Desse har personalansvar for si avdeling, men dei har ikkje budsjettansvar.

Det er til saman ca 31,55 årsverk og ca 51 tilsette i heile tenesteområdet (inkl. brannbefal og brannkonstablar).

Sentrale utfordringar

Utfordringsbildet for samfunnsutvikling og drift

- Vi må tilpasse drifta og organiseringa av tenestene i forhold til økonomiske rammer og framtidige behov - vi må justere organisering i forhold til oppgåver.
- Større krav frå statlege instansar til strengare regelverk som gjeld både for store og små kommunar. Dette gjeld mange av ansvarsområda innan tenesteområdet.
- Vi har for liten kapasitet til å drive utviklingsarbeid og tilretteleggje for vekst; mykje av kapasiteten går til sakshandsaming.
- Vi har stort og aukande etterslep på vedlikehald av kommunale vegar og kommunale bygg.
- Vi manglar kommunale bustadar. Det er behov for å byggje om og tilpasse desse for universell utforming.
- Det er eit behov for å ha fleire ulike typar husvære for dei som skal busetje seg i Seljord. Det trengst større og mindre leilegheiter/hyblar og einestadar.
- Vi har svært høge kommunale avgifter som m.a. heng saman med store investeringar som er utført dei siste åra.
- Det er venta større utbetringar og fleire investeringar på reinseanlegga våre p.g.a. høgare og strengare krav.
- Vi treng ein ny gjennomgang av storleiken på behovet for reinhaldsressursar på formålsbygga våre.

Kommunale bygg

Seljord kommune har omlag 30.000 m² bygningsmasse med varierende alder. Det er ei stor oppgåve å forvalte, vedlikehalde, drifte og utvikle den samla kommunale eigeidomsporteføljen. Som så mange år tidlegare, har vi stor grunn til å minne om det formidable etterslepet på vedlikehald både på kommunale bygg, kommunal eigeidom, kommunalt leidningsnett og på infrastrukturen med vegar og bruer. Bygningane våre blir eldre for kvart år og skrik etter vedlikehald. Det er viktig med god styring av budsjettet i samband med oppgåvene som skal gjerast på dei ulike bygga våre.

Kommunale vegar og grøntområde

Vedlikehald av kommunale vegar og gateljos er ei stor og viktig oppgåve for kommunen. Etterslepet på nødvendig vedlikehald på dei kommunale vegane våre vert berre større og større. Vi har ca 54 km kommunale vegar i Seljord kommune. Og med varmare, villare og våtare klima vil vi oppleve hyppigare og kraftigare nedbør. Dette vil gje større utfordringar for vegar, stikkrenner, grøfter og bruer. Mange av dei vakre og flotte skulpturane og kunstinstallasjonar som står rundt omkring i kommunen, har vi overteke ansvaret for. Vedlikehald av området rundt skulpturane og installasjonane må gjerast for at dette ikkje skal forfalle. Dette er ein stor kostnad som vi ikkje har budsjettet spesielt med. Sommarvedlikehald av grøntareal, kantslått langs kommunale vegar og vatning og stell av blomar er noko av det som gjer det triveleg å bu og opphalde seg i kommunen. Til mykje av dette treng vi ekstra sommarhjelp, og det er eit ønske å ha vaksne ungdommar som kan utføre nokre av desse oppgåvene no når avtala med IDEA er sagt opp frå 2022. Vi har ikkje funne rom i budsjettet for utvikling, stell og vedlikehald av skulebakkjen slik det har vore snakka om og lufta planar for.

Vatn og avløp

Hovudplan for vatn og avløp for dei neste 10 åra vart vedteken av kommunestyret i desember 2020. Denne planen legg opp til store investeringar innan vatn og avløp også i dei neste åra. Finansiering av utbetringar, rehabilitering, drift og utbygging må stort sett bli finansiert via avgiftsauke. For å handtere vidare utbygging på ein forsvarleg måte er det nødvendig med gjennomgang og kapasitetsvurdering av heile vass- og avløpsnettet i Seljord og Flatdal reinsedistrikt/ forsyningsområde. Det vart gjennomført ei vurdering av Seljord reinseanlegg i 2020, og resultatet viser eit behov for utbygging av Seljord RA (reinseanlegg). Flatdal RA treng óg ei stor reovering, og det er mest fornuftig å byggje nytt. Ein bør også avkloakkere resten av busetnaden i Flatdal, særleg områda i bygdi og opp mot Nutheim. Den største utfordringa for vassforsyninga i Seljord er lekkasjar. Det skjer stadig ikkje-planlagde reparasjonar. Saman utgjer dette store utgifter både på vatn og avløp. Det kan kjennest som ein "taler med to tungar" ved at har ein VA-plan som peikar på mange utfordringar innan vatn og avløp framover, men at vi ikkje prioriterer investeringsprosjekt dei næraste åra. På Norsk Vann sine sider kan ein lese om utfordringane innan kommunalt investeringsbehov for vatn og avløp 2021-2040 i Noreg og forventa gebyrvekst: <https://norskvann.no/interessepolitikk/investeringsbehovet-i-vann-og-avlopsanlegg/>

Sjølvkostfond er bundne driftsfond. Desse kan berre brukast til dekking av framtidige utgifter på tilhøyrande sjølvkostområde. Sjølvkostfond må nyttast innan ein 3-5 års periode. Når det gjeld renovasjon og slam er ein lovpålagt å ha sjølvkost med 100 % dekningsgrad. På dei andre områda kan ein ha lågare dekningsgrad. Det er ikkje lov (over tid, dvs. 3-5 år) å ha høgare dekningsgrad enn 100 % (sjølvkost). På VARF-området (vatn, avløp/slam, renovasjon og feiing/tilsyn) har Seljord kommune over lengre tid praktisert eigenbetaling til sjølvkost (100 % sjølvkost).

Les meir om sjølvkost-fond her: <https://va-finansiering.no/selvkost/>

Landbruk, vilt og miljø

Landbruk har disponert ein pott frå næringsfondet på kr 255.250 i tilskot til landbruksføremål. Dette er viktige kroner for å kunne gje tilskot til utvikling og investering i landbruket i kommunen. Tilskot til det store vassforvaltningsarbeidet for Midtre Telemark vassområde som Seljord kommune deltek i saman med andre kommunar, er sett av slik som tidlegare år. Vassdirektivet har krav om at alle private

avløpsanlegg (spredde avløp) om nødvendig, må oppdaterast etter regelverket. Fristen for dette er i 2032, men kommunane må ha oversikt innan 2027 kva omfang dette gjeld.

Kommunen si støtte til bygdevert blir dekt frå dette ansvaret.

Fallvilthandtering er ei stor utfordring. Kommunen har i samsvar med § 29 i *Forskrift om utøving av jakt, felling og fangst*, ansvar for ettersøk av påkøyrt hjortevilt. Det betyr at vi pliktar å ha ei ordning for administrering av dette. Her har det kome stadig nye krav dei seinare åra. Ei vaktordning byrjar å tvinge seg fram for å få nokon til å ta på seg denne jobben som krev at nokon er tilgjengeleg 24/7 året rundt. Om kommunen ikkje får nokon til å gjere denne jobben, så har vi ei enno større utfordring. Det er ikkje funne rom for å auke utgiftene til ettersøk på fallvilt, men dette er ei oppgåve ein må sjå meir på i 2023.

Kultur og næring

Kommunen gjev faste tilskot til Granvin kulturhus, Seljord kunstforeining, Seljord frivilligsentral, Vest-Telemark museum, folkemusikkarkivet og Videoarkivet mfl. For å sikre offentleg tilgang til friluftsområde sommar og vinter, er det inngått åtte langsiktige avtaler. Det er ønske om å inngå fleire slike avtaler viss det finst rom for det i nye tiltak. Ansvarsområdet omfattar også fleire budsjettpostar som er fordelt på tenestene innanfor ungdomsarbeid, idrett, friluftsliv og frivillig arbeid.

Nærings- og utviklingsarbeid er ei viktig satsing i Seljord, og det blir gjeve tilskot til ulike næringstiltak, finansiert frå næringsfondet. I samarbeid frivillige lag og organisasjonar blir det utvikla og tilrettelagt turløyper ulike stader i kommunen.

Nytt biblioteksystem

Som varsla i førre budsjett skal Vest Telemark-biblioteka skaffe nytt biblioteksystem i løpet av 2023. Telemark Innkjøpssamarbeid (TIS) skal bistå i prosessen. Dagens biblioteksystem er gamalt, lite brukarvenleg og har få moglegheiter. Dei nye systema på marknaden vil gje større moglegheiter til fleksibel handsaming av lån og er enklare for lånarane å navigere i og finne informasjon sjølv. Det er ønske å setje av pengar til investering i nytt biblioteksystem i 2023.

Appen PressReader gjev innbyggjarane i Seljord høve til å få tilgang til meir enn 7000 nasjonale og internasjonale aviser og tidsskrift. PressReader har sidan introduksjonen vore finansiert gjennom fylkesbiblioteket. Avtala er no sagt opp, og kommunane må frå og med 2023 finansiere denne sjølv. Kostnaden er estimert til 15 000 kr/år. Summen for 2023 er teken innanfor eiga ramme slik at andre postar vert redusert. Bruken av Filmoteket, som gjev lånarane tilgang til å låne digitale filmar, er aukande i Seljord. Fylkesbiblioteket tilrår at budsjettet til Filmoteket er 4000 kr/år. Dette må også takast innanfor ramma.

Symjehallen

Symjehallen får nytt klimaaggregat i 2022. Det vil heve standarden til hallen som fungerer greitt og er svært mykje bruka. I tillegg blir det laga energibrønner som eit straumsparingstiltak. Administrasjonen tilrår at leigeprisen på hallen (gjeld m.a. nabokommunar) aukar sidan denne prisen har vore lik i fleire år. Billettprisen for vaksne aukar. Vi har ikkje forslag om å auke billettprisen for born. Det er eit viktig lågterskeltilbod til born og unge.

Frivilligsentralen

Regjeringa vedtok ny forskrift for tilskot til frivilligsentralar i 2022. Det nye er at kommunen skal søkje på vegne av frivilligsentralen i si kommune. Frivilligsentralen må tilfredsstille krava i forskrifta. Tilskotet frå staten går inn og ut via kommunen. Vi har budsjettert med eit kommunalt tilskot kr 155.856,-.

Reinhold

Reinholdsavdelinga er nytt ansvar i dette tenesteområdet. Tidlegare låg denne til fellestenestene. Reinhold av formålsbygga våre heng nøye saman med vedlikehald og drift. Det er difor naturleg at dette ansvaret vart ein del av samfunnsutvikling og drift. Det er behov for å sjå på reinholdsressursane i heile organisasjonen. Ansvaret treng 30 % reinholdsstilling på nye Heddeli og ein auka ressurs på 15 % på helsesenteret; dette er lagt inn som ønska tiltak frå 2023. Det er også eit stort behov for godt og ergonomisk utstyr som gjev mindre belastningsskader for denne arbeidsgruppa.

Brann- og feiarvesen

I Seljord brannvesen har vi 12 brannkonstablar og 4 brannbefal. I 2022 har vi hatt rekruttert nokre nye brannkonstablar. For første gong har vi tilsett ei kvinne blant brannkonstablane våre. Det er populært å vere brannkonstabel i eit så dyktig og aktivt brannvesen. Vi er sårbare ved langvarig sjukdom sidan vi ikkje har vikarar som kan hoppe rett inn i slike jobbar. Begge brannbilane våre dreg på åra. Mot slutten av økonomiplanperioden, treng vi truleg både ny brannbil (4-5 mill kr) og ny tankbil (3 mill kr). Det er viktig å starte arbeidet med dette så tidleg som mogleg i planperioden slik at det blir ei god og gjennomarbeidd investeringssak.

Beredskapen i Vest-Telemark er framleis forankra i kvar enkelt kommune. Ny forskrift (Brann- og redningsvesenforskrift) vil føre med seg at kommunane må sjå på korleis brannvesena skal organiserast for å tilfredsstille krava i forskrifta. Forskrifta gjeld frå 01.03.2022. Det er utarbeidd ROS (risiko- og sårbarheitsanalyse) for Vest-Telemark brannvesen IKS (VTBV). VTBV har ingen formell avtale når det gjeld beredskap. VTBV og eigarkommunane bør gjere endringar når det gjeld dagens organisering av beredskap der ein formaliserer samarbeidsavtala for beredskap. Eigarkommunane står i praksis utan leiar i dag; noko som er eit klart forskriftsbrot. Den nye forskrifta vil, utan tvil, føre med seg større utgifter til kvar kommune i Vest-Telemark. Det blir vidare arbeid med beredskapsanalyse og førebyggjande analyse.

Renovasjon og slamtøming

Budsjettet omfattar innsamling og behandling av avfall og slamtøming. Dette blir gjort i regi av Renovest IKS.

Plan-, byggje- og delesaker, kart og oppmåling

Ansvarsområda omfattar løn- og driftsmidlar til plan- og byggesakshandsaming og oppmåling/kartverk og tinglysingsgebyr. Inntekter er gebyr etter plan- og bygningslova (gebyr for byggesak, private reguleringsplanar og oppmålingsgebyr). Det er ikkje arbeid noko med ein ev. ny sjølvkostmodell for desse områda. Gebyrinntektene innan desse ansvarsområda svingar svært mykje frå år til år.

Kommunen er gjennom kart- og planforskrifta pålagt å ha eit oppdatert kartgrunnlag. Og karta våre er 6 år gamle no. Etter initiativ frå Statens vegvesen er det eit ønske med ei ny kartlegging på grunn av dei nye anlegga som er bygd i området dei siste åra. Med 5-6 års mellomrom vert det sett i gang såkalla geovekstprosjekt. I 2023 er det planar for Seljord, Midt Telemark, Hjartdal og Notodden kommunar. Seljord kommunen sin del er truleg ca. kr 510.000 og kan fordelast over to år. Totalramma for heile samarbeidsprosjektet er ca. 6.6 mill kr.

Utleigebustader

Dei største utgiftspostane her er leige av bustadhus og leilegheiter (til vidare utleige) og kommunale avgifter. Med bakgrunn i busetting av flyktningar frå Ukraina, er det inngått nye leige kontraktar i løpet av året. Per 1.11.2023 leiger vi 23 hus/leilegheiter.

Vi eig 32 bueiningar (hus, leilegheiter, hyblar). I 2022 er det kjøpt eitt hus (Leige til eige), og det er pussa opp tre leilegheiter i Nye Heddeli (turnuslegar, fysio og sjukepleiarar). Det er budsjettert med ein "turnover" på kommunale bustader basert på ein faktor på 0,8 på våre eigne utleigeobjekt. Det er ikkje råd å leige ut alt heile tida, og det blir pussa opp innimellom når det er ledige objekt. Husleiga blir justert etter konsumprisindeksen årleg i mars månad.

Klimaplan - miljøfyrtårnsertifisering

Kommunane i Vest-Telemark har hatt felles klimaplan på høyring i 2021 og til handsaming i 2022. Dette er eit viktig arbeid som vil halde fram i samarbeid med Vest-Telemarkrådet og dei andre kommunane. Det må setjast av nok ressursar til arbeidet i kvar kommune. Gjennom samarbeidet på reiselivssatsinga i Vest-Telemark, "Merket for berekraftig reisemål for Vest-Telemark" og "Felles reiselivsstrategi for Vest-Telemark" har kvar kommune forplikta seg til å bidra med politiske og administrative ressursar inn i arbeidet. Det er gjort vedtak om at kommuneadministrasjonen må bli miljøfyrtårn.

Kostra-analyse - Vann, avløp og renovasjon

	Seljord 2020	Seljord 2021	Vinje	Nome	Tokke	Landet uten Oslo	Kostragruppe 05
Produktivitet							
Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb)	2 207	2 769	6 910	1 706	2 220	1 275	
Vann - Gebyrinntekter per innbygger tilknyttet kommunal vannforsyning (kr/tilkn.innb)	3 986	4 356	12 453	1 885	2 413	1 860	
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr)	5 966	7 025	3 196	4 669	8 032	4 435	4 604
Kvalitet							
Avløp - Slamtørrstoff produsert per kubikkmeter avløpsvann	2 823		1 835	188	415	331	
Estimert gjennomsnittsalder for kommunalt spillvannsnett med kjent alder (år)	44,0	42,0	24,0	36,0	56,0	34,0	
Renovasjon - Husholdningsavfall per innbygger (kommune)	468	496	494	552	499	0	0

Økonomiplan for 2023-2026

Renovasjon - Levert til materialgjenvinning og biologisk behandling per innbygger (kommune)	159	142	142	311	143	0	0
---	-----	-----	-----	-----	-----	---	---

Driftsbudsjett med endringer

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan				
	2023	2024	2025	2026	
Opprinnelig budsjett	16 382	16 382	16 382	16 382	
Sum Tekniske justeringer	8 495	8 495	8 495	8 495	
Sum Vedtak forrige periode	-545	-600	-974	-974	
Sum Demografijustering	115	0	0	0	
Sum Lønns- og prisvekst	3 235	3 235	3 235	3 235	
Konsekvensjusteringer	11 300	11 130	10 756	10 756	
Konsekvensjustert ramme	27 682	27 512	27 139	27 139	
Endringer i tidligere vedtatte tiltak					
Ikkje fire bustadsosiale bueiningar i 2023	Samfunnsutvikling og drift	370	371	371	371
Ikkje hardbruksbustader i 2023	Samfunnsutvikling og drift	144	144	144	144
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak		514	515	515	515
Nye tiltak					
Auka stilling 15 % på reinhald på helsesenteret	Samfunnsutvikling og drift	90	90	90	90
Auka stillingsprosent 30 % for reinhald på Heddeli etter ombygging	Samfunnsutvikling og drift	162	162	162	162
Høgda inntekter vatn og avløp pga. høgare rente og endra avskrivningar	Samfunnsutvikling og drift	-1 324	-1 047	-825	-543
Sum Nye tiltak		-1 072	-795	-573	-291
Nye tiltak og realendringer		-558	-280	-58	224
Ramme 2023-2026		27 124	27 232	27 081	27 363

Endringer i tidligere vedtatte tiltak

Ikkje fire bustadsosiale bueiningar i 2023

Fire bustadsosiale bueiningar vert ikkje realisert (tidsnok) i 2023 slik at det vert husleigeinntekter, og heller ikkje FDV-utgifter.

Ikkje hardbruksbustader i 2023

Ikkje hardbruksbustader i 2023 (tidsnok) til husleigeinntekter i 2023.

Nye tiltak

Auka stilling 15 % på reinhald på helsesenteret

Det er eit stort ynskje om ei auke i stillingsstorleik frå 70 % til 85 %; dagtidsarbeid 07:00-13:40. I dag er det ei 70 %-stilling som er gjort om frå kveld til dagtidsarbeid (av praktiske og arbeidsmiljømessige årsakar). Det er auka aktivitet på Helsesenteret. Store delar av arealet er litt "vanskeleg tilgjengeleg" reinhaldsomsråde grunna mykje inventar og utstyr. Golvmateriale krev lange prosessar for behandling (linoleum) Her må ein ha maskinelt utstyr. Det er ein del reinhaldsarbeid som heng etter (gjeld hovudreingjeringa). Frekvensar på reinhaldsoppgåver blir ikkje overhalde. Dette resulterer i tungt dagleg arbeid og lite effektivitet.

Auka stillingsprosent 30 % for reinhald på Heddeli etter ombygging

Det må settast av ressursar til auka stillingsprosent på Heddeli etter ombygginga. Reinhaldsleiar meiner det trengst 30 % auka stilling på reinhald der frå 2023.

Høgda inntekter vatn og avløp pga. høgare rente og endra avskrivningar

Høgare gebyrinntekter på vatn og avløp på grunn av høgare rente og endring i avskrivningar. Gebyrinntektene vert i sin heilskap inntektsført på tenesteområde Samfunnsutvikling og drift, men den del av dei høgda gebyra som skuldast høgda rente, vert overført til ansvar 190 for å vere med på finansiere kommunens renteutgifter, som i sin heilskap vert ført på ansvar 190, der også kommunens samla avdragskostnader på lån vert ført.

Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
Endringskode		2023	2024	2025	2026
Fallvilt - ettersøksvaktordning	Nytt tiltak	0	100	100	100
Innfri brannkrav på Seljord barne- og ungdomsskule - nytt låssystem og nye dører	Nytt tiltak	0	400	0	0
Installering av brannvarslingssystem på kommunehuset	Nytt tiltak	0	240	0	0
Sommarhjelp - teknisk drift	Nytt tiltak	50	50	50	50
Tilrettelegging for friluftsliv	Nytt tiltak	50	50	50	50
Vedlikehaldsetterslep av kommunale bygg	Nytt tiltak	800	800	800	800
Sum		900	1 640	1 000	1 000

Nye tiltak

Fallvilt - ettersøksvaktordning

Fallvilthandtering er ei stor utfordring. Kommunen har i samsvar med § 29 i *Forskrift om utøving av jakt, felling og fangst*, ansvar for ettersøk av påkøyrt hjortevilt. Det betyr at vi pliktar å ha ei ordning for administrering av dette. Her har det kome stadig nye krav. Ei vaktordning byrjar å tvinge seg fram for å få nokon til å ta på seg denne jobben som krev at nokon er tilgjengeleg 24/7 året rundt. Om kommunen ikkje får nokon til å gjere denne jobben, så har vi ei enno større utfordring.

Mange av kommunane rundt oss og elles i landet har gått over til både kompensert vaktordning og innkjøp av meir utstyr for å klare og halde på den viktige kompetansen ettersøkspersonellet har, og for å levere tenesta på den måten som krevst. Dette er og vegen Seljord må gå for å fortsatt kunne levere ei tilfredsstillande administrering av fallvilt med eiga fallviltgruppe, som er den billigaste og beste løysinga

for denne oppgåva. Ei eiga fallviltgruppe gir lokal kunnskap og betre eigarskap og kontroll over arbeidet. Det er ikkje funne rom for å auke utgiftene til fallvilt for 2023.

Innfri brannkrav på Seljord barne- og ungdomsskule - nytt låssystem og nye dører

Nytt låssystem og nye dører på Seljord barne- og ungd.skule. Kr 500.000 inkl. mva totalt av dette kr 300.000 til låssystemet og kr 200.000 til dører.

Installering av brannvarslingssystem på kommunehuset

Brannvarslingssystemet på kommunehuset må installerast , og det må monterast leielys. 300.000 inkl. mva. Det finst i dag ikkje brannvarslingssystem på dette huset.

Sommarhjelp - teknisk drift

Avtala med IDEA er sagt opp frå 01.01.2022. IDEA utførte mykje av arbeidet med klipping og stell av grøntanlegg i kommunen i perioden mai-oktober. Det er sett av nokre kroner i budsjettet frå tidlegare år, men det eit stort behov for å leige inn ekstra folk til å utføre vedlikehald og til å beise og måle kommunale bygg.

Driftsavdelinga har ikkje nok folk til å ta seg av alt dette i løpet av ein sommar på toppen av alt anna arbeid og avviking av ferie for dei tilsette.

Primært er det behov for vaksne ungdomar/studentar som har sertifikat og som kan utføre plenklipping, stell av grøntareal og vedlikehald/beising/måling av kommunale bygg. Sjå fmsk.sak 75/22 og k.st.sak 35/22.

Tilrettelegging for friluftsliv

Seljord kommune har inngått fleire avtaler om allmenn bruk av friluftsområde som turvegar, bilvegar, badeplassar mm. Budsjettet er ikkje inflasjonsjustert som avtalene. Og det er sterkt ynskje om å inngå ny avtale om bruk av Millionvegen slik at denne blir ein god sykkelveg (el-sykel)/turveg.

Vedlikehaldsetterslep av kommunale bygg

Vi treng å auke vedlikehaldet på kommunale bygg. Etterslep i mange år. Kr 800.000 vert lagt inn som ynskt tiltak.

Mange bygg bør beisast/målast. Ventilasjonsreingjering på Nesbukti har ikkje blitt gjort sidan bygget var nytt i 2008. Det handlar om inneklime, effektivt anlegg, HMS-tiltak til ca 185.000 + mva. TV-signal på Steinmoen (manglar prisar). Ljospakke (utskifting av alt av lysarmatur) på Nesbukti, ca 80.000 + mva. Alt av lysrør blir fasa ut og er etter kvart vanskelege å få tak i delar til. Dette gjeld alle kommunale bygg. Alle fire kjøkkene på avd A, B, C og D treng å fornyast før dei dett frå kvarandre, ca 450.000 + mva. Dette må også sjåast i samanheng med produksjonskjøkkenet som Seljord kommune truleg må byggje litt fram i tid, men produksjonskjøkkenet erstattar ikkje dei små anretningskjøkkene på kvar avdeling. Vi kan demontere sjølve, men vi treng profesjonelle til å montere for å spare tid. Nytt tak på kommunehuset på toetajses-fløyen (manglar prisar). Oppgraderinga av uteområdet ved kommunehuset (manglar plan og prisar).

Skatt, rammetilskot og budsjettavvik

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Opprinnelig budsjett	0	0	0	0
Sum Vedtak forrige periode	-260	-188	-57	-57

Økonomiplan for 2023-2026

	Avdeling	Økonomiplan			
		2023	2024	2025	2026
Konsekvensjusteringer		-260	-188	-57	-57
Konsekvensjustert ramme		-260	-188	-57	-57
Endringer i tidligere vedtatte tiltak					
Fond renovasjon	Skatt, rammetilskot og budsjettavvik	207	131	0	0
Fond slam	Skatt, rammetilskot og budsjettavvik	53	57	57	57
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak		260	188	57	57
Nye tiltak og realendringer		260	188	57	57
Ramme 2023-2026		0	0	0	0

Endringer i tidligere vedtatte tiltak

Fond renovasjon

Fond renovasjon Konsekvensjustert budsjett. Opp- og nedtrappingseffekt fra 2022

Fond slam

Fond slam Konsekvensjustert budsjett. Opp- og nedtrappingseffekt fra 2022

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum
	2023	2024	2025	2026	2023-26
Aksjar, andelar og selskapskapital	724	724	724	724	2 896
Etablering av hardbruksbustader	1 340	0	0	0	1 340
Flatdal skule, ombygging/påbygging	34 085	0	0	0	34 085
IT	138	0	0	0	138
Vegopprusting og trafikktryggleik	4 300	0	0	0	4 300
Sum investeringsprosjekt	40 587	724	724	724	42 759

Vedlegg

Vedlegg - Investeringar per program

Andre investeringer

Beløp i 1000

Investering	Samla prosjektbeløp		Økonomiplan				Sum 2023-26
	Ferdig år	Netto prosjekt utgift	2023	2024	2025	2026	
Skatt, rammetilskot og budsjettavvik							
Aksjar, andelar og selskapskapital	Løpande		724	724	724	724	2 896
Etablering av hardbruksbustader	2023	965	1 340	0	0	0	1 340
Fellesfinansiering investering	2029	-77 239	0	0	0	0	0
Flatdal skule, ombygging/påbygging	2024	47 241	34 085	0	0	0	34 085
IT	2030	138	138	0	0	0	138
Vegopprusting og trafikktryggleik	2030	8 675	4 300	0	0	0	4 300
Sum Skatt, rammetilskot og budsjettavvik		-20 220	40 587	724	724	724	42 759
Sum		57 019	40 587	724	724	724	42 759

Selvkost

Beløp i 1000

Investering	Samla prosjektbeløp		Økonomiplan				Sum 2023-26
	Ferdig år	Netto prosjekt utgift	2023	2024	2025	2026	
Skatt, rammetilskot og budsjettavvik							
Fellesfinansiering investering	2029	-3 656	0	0	0	0	0
Sum		0	0	0	0	0	0

Andre investeringer

Skatt, rammetilskot og budsjettavvik

Aksjar, andelar og selskapskapital

Eigenkapitaltilskot til Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

Etablering av hardbruksbustader

I kommunestyresak 72/22, 06.10.2022 "Investeringsbudsjettet - Rapportering og budsjettjusteringar - Haust 2022" er det gjeve denne statusrapporten:

Søknaden for oppføring av inntil tre hardbruksbustader på kommunen si tomt på Tingstad er ferdig utarbeidd av konsulent. Søknaden er nabovarsla og det er kome fleire merknader som er negative til plasseringa av tiltaket. Etter at nabovarslinga var gjennomført, blei søknaden sendt på høyring til regionale etatar og politiet då det er naudsynt med fleire dispensasjonar. Det er kome svar frå

Statsforvaltaren, fylkeskommunen, NVE og politiet; ingen av desse har vesentlege merknader til saka. Det er ikkje kome løyve frå Statens vegvesen. Dette trengst for å byggje innanfor byggjegenrens. Det er purra på. Søknaden må handsamast i samfunnsutvalet. Det er brukt om lag kr 160.000 (inkl. mva.) til konsulentarbeid.

Søknaden vert tidlegast handsama i samfunnsutvalet i desember.

Tiltaket er rebudsjettering av opphavleg budsjett 2022 på kr 1,5 mill, fråtrekt prosjekteringsarbeidet i 2022 på kr 160.000.

I økonomiplan 2022-2023 er prosjektet omtala slik:

Det er behov for bustader som toler tøff bruk. Det er sett i gang arbeid for å sjå på kor og korleis dette skal gjerast. Saka vil kome til politisk handsaming når detaljane kjem på plass. Det er behov for minst 2 slike bustader. Dei kostar kr 440 000 per stykk utan mva og frakt. I tillegg kjem det kostnader knytt til plassering, vatn og avløp, tilkomst med meir. Etter budsjettet for 2023 på kr 1 340 000, er budsjetttramma per bustad kr 670 000 inkl. mva og kr 536 000 ekskl. mva.

Flatdal skule, ombygging/påbygging

I kommunestyresak 55/22, 18.08.2022 vart ombygging og påbygging av Flatdal skule vedteken med eit brutto investering (inkl. mva.) på kr 47 671 000, fordelt med kr 1 086 000 i 2021, kr 12 500 000 i 2022 og kr 34 085 000 i 2023.

IT

Investering i to nye modular i Framsikt: Rapportering kr 81.250 og Integrasjon Agresso kr 56.250. Beløpa er inkl. mva. Desse modulane kjem i tillegg til modulane Analyse, Økonomiplan og Årsbudsjett frå 2022.

Vegopprusting og trafikktryggleik

Opprusting av Heivegen vart opphavleg ført opp i investeringsbudsjettet for 2021 med kr 4 375 000 (inkl. mva.). Det vart ikkje gjort noko i 2021, og tiltaket vart rebudsjettert i opphavleg investeringsbudsjett for 2022, men det vert berre gjort litt prosjekteringsarbeid i år. I kommunestyresak 72/22, 06.10.2022 vart prosjektet rapportert slik:

Det er ikkje ført noko på prosjektet pr. no, men vi har nytta konsulenthjelp frå Sweco i 2022. Dette utgjer om lag kr 75.000. Om anbudet blir dyrare enn totalbudsjettet på kr 4.375.000 er uvisst. Kostnaden til prosjektet er usikker. Prosjektet er forseinka pga. ressursmangel og folk til å følgje opp prosjektet. Sweco har difor ikkje greidd å få lagt ut anbodspapira på Doffin. Dette skulle skje tidlegare på ettersommaren. No blir desse lagt ut så seint at fristen til entreprenørane vil bli skuva på. Heivegen ligg i eit område der vinteren kjem tidleg. Det er difor gjeve råd om å vente med arbeidet til våren 2023 for å få eit godt resultat. Val av entreprenør kan skje hausten 2022.

Tiltaket er ført opp i 2023 med kr 4 300 000, som er den opphavlege løyvinga frå investeringsbudsjett 2021, fråtrekt prosjekteringskostnaden i 2022 på kr 75.000. Frå 2021 til 2023 har det nok vore ein monaleg prisstigning på denne type anleggsarbeid. Byggjekostnadsindeksen for veganlegg, *veg i dagen*, har auka med 19,5 % frå 2. kvartal 2021 til 3. kvartal 2022.

